





Velkomen til

Nordnesvegen 18
6905 Florø

EiendomsMegler 1

Innhaldsliste

Nøkkelinformasjon	6
Informasjon om eigedomen	7
Planteikning	32
Tilstandsrapport	43
Nabolagsprofil	150
Tilbehør og løsøre	153
Help boligkjøperforsikring	155
Forbrukerinformasjon om budgiving	158
Budskjema	159

Velkomen til

Nordnesvegen 18
6905 Florø

Nordnes - einebustad med renoveringsbehov - fin plassering med kort avstand til sentrum

Velkomen til Nordnesvegen 18!

Einebustad med stort potensial i eit etablert og roleg nabolag. Bustaden er frå 1972 og treng modernisering, noko som gir ein god sjanse til å skape ein heim tilpassa eigen stil. Tomta er opparbeidd med asfaltert gardsplass og ein hage med plen og beplanting mot sør. Frå stova er det utgang til ein vestvendt terrasse. Her er det kort veg til skular, barnehagar og daglegvarebutikkar, i tillegg til turområde i nærleiken.

Høgdepunkt:
- Einebustad med moderniseringsbehov
- Vestvendt terrasse med utgang frå stova
- Opparbeidd tomt med hage mot sør
- Garasje/bod og gode lagringsmoglegheiter i kjellar
- Varmepumpe og vedovn installert
- Kort veg til skular og servicetilbod

Velkomen til visning!



Les salsoppgåva nøye

Som meklar møter eg heile tida menneske på jakt etter draumebustaden. Sidan kjøp av bustad er ein av dei viktigaste investeringane du gjer i livet, har eg full forståing for at det kan vere ein krevjande prosess. Det er mykje informasjon ein skal setje seg inn i, og mange spørsmål som dukker opp undervegs. Hovudmålet med denne salsoppgåva er nettopp å gi deg all informasjon du treng, slik at du har det beste grunnlaget til å bestemme deg for om du ønskjer å bli med i bodrunden eller ikkje.

Eg tilrår deg å lese nøye gjennom salsoppgåva, slik at du er best muleg budd til vising. Uansett kva spørsmål du har er det berre å ta kontakt med meg.

Lykke til!



Greta Halvorsen
Eigedomsmeklar MNEF
481 67 099
Greta.halvorsen@em1sf.no

Nøkkelinformasjon

Prisantyding	kr	1 990 000
Kostnader	kr	64 800
Totalpris inkl. kostnader	kr	2 054 800

BRA Total/BRA-i	165/165 m²
Antal soverom	3
Eigedomtype	Enebolig
Eigarform	Eiet
Tomtetype	Eiet
Byggeår	1970
Etasje	2
Energimerking	Energikarakter: D



Informasjon om eigedomen

Bustaden

Adresse
Nordnesvegen 18, 6905 FLORØ

Registernemning
Gnr 27, bnr 734, Gnr 27, bnr 1070, i Kinn kommune.

Eigedomtype
Enebolig

Etasje
2

Byggeår
1970

Tilkomst
Tilkomst frå offentleg veg.

Plassering

Eigedomen ligg fint til på Nordnes i eit roleg og veletablert bustadområde på Havreneset, om lag 1,5 kilometer frå Florø sentrum. Området er dominert av einebustader og lite trafikk, noko som gjer nabolaget både trygt og oversiktleg. Her bur du i rolege omgjevnader med nærleik til sjø og friområde, samstundes som det berre tek nokre få minutt med bil eller ein lett sykkeltur inn til dei mange fasilitetane og arbeidsplassane i sentrum.

Kvardagslogistikken er særs god for barnefamiliar. Havreneset barnehage ligg berre ein kort spasertur unna bustaden, noko som gjer levering og henting enkelt i ein travel kvardag. For dei eldre borna er Florø ungdomsskule plassert i gangavstand, medan Florø barneskule og Flora vidaregåande skule begge ligg ein kort sykkeltur eller køyretur unna. Nærområdet byr på flotte friområde med opparbeidde gangvegar og lett tilkomst til skog og mark for daglege lufteturar. For idrett og fritid ligg både Florahallen og Florø stadion med fotball- og friidrettsanlegg i gangavstand frå bustaden, og symje- og treningsanlegget ved Havhesten når du etter ein kort køyretur.

Innhald

Einebustad går over to plan med følgjande innhald:
Kjellar: Uinnreidd kjellarrom m/trapp, diverse boder,/rom, kjellarstove, vaskekjellar og toalettrom.
1. etasje: Vindfang, toalettrom, gang, bad, tre soverom, kjøkken og stove.

Eigedomen har ein altan på 8 m² og ein terrasse på 13 m². Bustaden har i tillegg ein open garasje/bod knytt til bygningskroppen mot vest.

Kjellaren avvik frå dei opphavlege bygningsteikningane datert 10.12.1970, som ligg vedlagt i salsoppgåva. I dei godkjende bygningsteikningane er alle rom i kjellaren definerte som hobbyrom, vaske- og tørkerom og boder.

Den opne garasjen/boden ved terrassen er oppført utan byggjemelding til kommunen og utan

at naudsynt godkjenning er gitt.
Dei oppgitte romma er definerte av bygningssakkyndig i samsvar med vedlagd rapport, basert på dagens faktiske bruk, uavhengig av kva som er godkjent av bygningsstyresmaktene.

Standard

Enebustaden er oppført i 1972 over to plan: hovudetasje og kjellar. Ytterveggane er i bindingsverkskonstruksjon med ståande bordkledning, og gavlane har liggjande kledning. Etasjeskiljaren er av trebjelkelag. Grunnmuren er i lettklinkerblokkar. Taket er eit saltak med W-takstoler i tre, rupanel som undertak og kaldtloft, tekka med betongtakstein og takpapp. Takrenner og nedløp er av plast frå byggeåret.

Kjellerstove vart etablert rundt 1978 og toalettrom i kjeller rundt 1982; desse er ikkje godkjende av kommunen. Det elektriske anlegget vart kontrollert og utbetra i 2026, og er godkjent av Eltilsynet. Luft-til-luft varmepumpe frå 2010. Varmtvassbehaldar på om lag 200 liter frå 2022. Innvendige vassrøyr er av koppar med lodda og klemde skøytar frå byggeåret, delvis oppgradert i samband med skifte av behaldar. Innvendige avløpsrøyr er av ABS-plastrøyr frå 1970- og 1980-talet. Det er opplyst at røyr frå septiktank og vidare mot offentleg anlegg vart skifta etter kommunalt pålegg i 2019. Bustaden har veggventilar i rommene som ventilasjon.

Tilstandsrapporten dokumenterer alvorlege avvik på ei rekkje bygningsdelar: taktekking med fukt- og råteskadar ved pipe og på sutak, takkonstruksjon med fuktmerke og råteskadar, ytterkledning med utbreidde råteskadar særleg mot sør, vest og aust, vindauge med råte, punkterte ruter og fuktinntrengning i konstruksjonen, ytterdører med råteskadar og punkterte glas, terrasse og altan med svekka tettesjikt, råteskadar i rekkverk og utilstrekkeleg understøtting, kjeller med gjennomgåande fukt og saltutslag på alle murveggar og målt 100 % fukt i innredt rom, samt drenering og grunnmur med alvorlege fuktproblem. Innvendig trapp til kjeller er svært bratt, smal og manglar rekkverk. Det må reknast med omfattande utbetringsarbeid på dei fleste bygningsdelar.

KJØKKEN:
Kjøkkeninnreiing med profilerte fronter og benkeplate i laminat. Utstyrt med kjøl/fryseskåp, komfyr og oppvaskkum i stål. Kjøkkenventilator med avtrekk ut. Innreiinga er slitt og må skiftast.

BAD:
Bad i hovudetasjen. Våtrommet er utført etter byggeforskrift frå før 1997. Det ligg ikkje føre dokumentasjon på oppbygging eller tettesjikt. Badet har eit omfattande oppgraderingsbehov.

TOALETTROM:
Toalettrom i hovudetasjen med slettmåla veggar, gulvbelegg og veggventilar. Toalettrom i kjeller etablert rundt 1982, ikkje godkjent av kommunen, med slettmåla veggar, gulvbelegg og veggventilar. Begge rom treng oppgradering.

Overflater:
Gulv: Laminat, furu, betong og belegg i hovudetasjen. I kjellaren er det fliser på golv, to rom med oppforet golv og betonggolv.
Veggar: Tapetserte veggar, trepanel, panelplater, måla glatte flater og måla strie.
Himling: Trepanel og himlingsplater.

Lagring:
I kjellaren er det to boder og eit uinnredt kjellerrom med trapp og utgangsdør. Utvendig mot vest er det ei open garasje/bod med veggar i puss Leca-stein og betongplate til tak. Garasjen/boden er svært fuktig og har eit omfattande oppgraderingsbehov.

Omsetning av brukt eigedom
Ein brukt eigedom vil som regel ikkje vere i same stand som om den var ny. Tekniske krav, type bustad, teknikk og skikkar endrar seg over tid. Bruksslitasje og ytre forhold kan gjere at tilstanden blir dårlegare etter kvart, sjølv om det ikkje er synleg. Kjøparar kan ha mindre forventningar til eldre bustader enn nye, og det kan vere skadar eller feil som ikkje er beskrive,

men som seljar likevel ikkje kan haldast ansvarleg for. Normal bruksslitasje er ikkje ein mangel, og det er ikkje sikkert at det som opplevast som ein feil ved ein eigedom er ein mangel i rettsleg forstand. Det er difor viktig å setje seg grundig inn i tilstanden på den eigedomen ein vil kjøpe.

Areal

BRA - i: 165 m²
BRA totalt: 165 m²
TBA: 21 m²

Bruksareal fordelt på etasje

Kjeller: BRA-i: 80 m²
Uinnreidd kjellarrom m/trapp og dør ut., bod 3, bod 4, soverom, kjellarstove

1. etasje: BRA-i: 85 m²
Vindfang, toalettrom, gang 2, bad, tre soverom, kjøkken, stove

TBA fordelt på etasje

1. etasje: 21 m² Terrasse, altan

Areala er gjeve av bygningskyndig på grunnlag av NS3940(2023). Internt bruksareal (BRA-i) er areal innanfor dei omsluttande veggane i bustaden. Det er til dømes stove, soverom, kjøkken, entré, bad, loftsrom, innvendig bod og gangar mellom desse. Dersom bustaden består av ei brukseining med fleire sjølvstendige bueiningar, skal dei sjølvstendige bueiningane kategoriserast som BRA-i. Eit døme på dette kan vere ein einebustad med adskilt utleigeeining. Eksternt bruksareal (BRA-e) er til dømes ei ekstern bod, kjellarstove med eigen inngang, gjesterom, tilleggsbygg eller andre rom som tilhøyrer bueininga, men som ikkje er direkte knytt til det interne arealet. Tilleggsbygg kan vere til dømes garasje, naust eller utvendig bod. Innglassa balkong (BRA-b) er innglassa balkongar, veranda og altanar som disponerast av bueininga. Terrasse- og balkongareal (TBA) er arealet av terrassar, altanar, verandar og opne balkongar som er knytt til bueininga. Bustaden sitt golvareal (GUA) er det samla golvarealet i bustaden og areal med låg takhøgde ALH er areal utan krav til minste himlingshøgde.

Antal soverom

3

Sjå elles informasjon under feltet "Innhald". Antal soverom er gjeve etter Forbrukartilsynet sine retningslinjer, og inkluderer kun soverom som er godkjent til varig opphald. Antal soverom som er oppgjeve av bygningskyndig i tilstandsrapporten er gjeve etter retningslinjene til takstbransjen, der det er den faktiske bruken av rommet på marknadsføringstidspunktet som er avgjerande. Bruken av rommet kan likevel vere i strid med byggtekniske forskrifter og/eller manglande godkjenning, bruksendringar til rom for varig opphald m.m. I dei tilfella det er opplysningar frå seljar og/eller kommunen om at rom ikkje er godkjent til varig opphald, vil årsaken til dette kome fram i salsoppgåva.

Antal bad

1

Moderniseringar og påkostingar

Følgjande moderniseringar er utførte dei seinare åra:

2026: - Utbetring av avvik på det elektriske anlegget, utført av Fokus Elektro

2022: - Installasjon av ny varmtvassberedar (ca. 200 liter) og oppgradering av tilhøyrande vassrøyr

2019: - Skifte av røyr frå septik og vidare mot offentleg anlegg etter pålegg frå kommunen

Ukjent årstall: - Bygd open garasje/bod mot vest med utgang frå stove til terrasse

Takst og tilstand

Bygningskyndig
Stein Strømsnes
stein@stroemsnes.no
911 02 380

Type takst
Tilstandsrapport. Rapporten er datert 11.08.2026

Byggemåte

Informasjonen er henta frå vedlagte tilstandsrapport, datert 13.08.2026.

Bygning:
Eigedomen er ein einebustad oppført i 1972. Ytterveggane er i bindingsverkskonstruksjon frå byggeåret, med liggjande kledning i gavlar og elles ståande bordkledning. Etasjeskiljet er av trebjelkelag. Grunnmuren er i lettklinkerblokker. Det er ein betongmur med skifer innstøypt på nordsida. I rom under terreng er golvet utført med furu, betong, fliser og oppfora golv, medan veggane er utført med plater, panel, innvendige utfora vegger på delar av grunnmur og betong/mur.

Tak:
Taket er eit saltak med W-takstolar i tre, tekka med betongtakstein. Undertaket er av rupanel med takpapp, og det er kaldtloft. Takrenner og nedløp er av plast frå byggeåret.

Pipe/Eldstad:
Det er elementpipe, vedovn og sotluke/feieluke på loft og i kjellar.

Vindauge:
Bustaden har måla vindauge med 2-lags isolerglas og 1+1-lags glas. To vindauge i stova er av nyeare dato, medan dei andre er frå 1970. Vindauga i kjellaren har enkle glas og 1+1-lags glas.

Dører:
Ytterdørene består av ein hovudytterdør i teak, ei måla balkongdør i tre og ei enkel kjellardør i tre med 1-lags glas. Innvendige dører er finérdører, nokre med glasfelt.

Trapper/tilkomst:
Det er betongtrapp til inngangsdør og til kjellardør frå byggeåret. Rekkverket på trappa til hovuddøra er eit smijernsrekkverk. Innvendig er det ei svært bratt trapp til kjellaren utan rekkverk.

Balkong/terrasse:
Det er altan og terrasse på ei understøttande konstruksjon som er betongtak på garasje/bod. Terrassen mot vest er 13 m² og altanen ved soverommet er 8 m².

VVS-installasjonar:
Innvendige vassleidningar er av koparrøyr frå byggeåret, med noko oppgradering i samband med skifte av bereder. Innvendige avløpsrøyr er av ABS-plastrøyr frå 1970- og 1980-talet. Varmtvasstanken er på ca. 200 liter og er frå 2022.

Ventilasjon:
Bustaden har ventilar på veggane i romma. Kjøkkenet har kjøkkenventilator med avtrekk ut, medan toalettromma har naturleg ventilering via ventilar i veggane.

Tekniske detaljar:
Det er installert ei luft-til-luft-varmepumpe frå 2010.

Åpen garasje/bod: Åpen garasje/bod utvendig mot vest. Veggane er bygd i Leca-stein som er
Åpen garasje/bod: Åpen garasje/bod utvendig mot vest. Veggane er bygd i Leca-stein som er
pussa, og taket er ei betongplate.

Det har vore el-tilsyn dei siste 5 åra. Eigar legg fram dokumentasjon på el-tilsyn datert 16.07.26.

Alle bygningsdelar og installasjonar har avgrensa levetid. Konstruksjonane er bygd etter lov og forskrift som tek utgangspunkt i byggeåret og vil normalt ikkje tilfredsstille krava i dag. Med omsyn til den tekniske standarden på bygningane vert det vist til vedlagde tilstandsrapport fra takstmann Stein Strømsnes datert 13.08.2026, der enkelte bygningselementer har oppnådd tilstandsgrad 3 (TG3), tilstandsgrad 2 (TG2) og helse, miljø og sikkerhet (HMS). Interessentar vert oppmoda til å sette seg grundig inn i desse punkta samt eigenerklæringa som ligg ved salsoppgåva før det vert lagt inn bod på eigedomen. Meklar gjer elles merksam på kjøpar si undersøkingsplikt med heimel i avhendingslova.

Nedanfor finn ein ei kort oppsummering av det den bygningssakyndige har beskrive av avvik ved bustaden som har fått tilstandsgrad 2 (TG 2) eller 3 (TG 3) OG TG IU (Ikkje undersøkt).

TG3 med store eller alvorlege avvik:

- Taktekking | Det er påvist fuktskade eller råteskade i konstruksjonen. Vanntett sjikt på tak er eldre enn 18 år. Ein bør rekne med å skifte taket litt fram i tid. Konsekvens/tiltak: Det er store fukt/råte ved pipe på loft og tiltak som er utført er montering av pipehatt. Området er tørka opp, men ved skifte av tak må ein skifte sutaksborda rundt pipa. Det er 2 stk. lause gavlsteinar på nord/aust og sør/vestre sida av bustaden som bør setjast på plass. Det er noko fukt på loftet på sutak på gavl mot vest mot sør. Alder på tekkinga tilseier at ein må skifte taksteinen.
Kostnadsestimat: 100 000 - 200 000

- Takkonstruksjon/Loft | Det er påvist fuktskjoldar/skadar i takkonstruksjonen. Det er påvist fukt-/råteskadar i takkonstruksjonen. Viser til bilete mot sør/vest som har fukt. Det er påvist avvik rundt gjennomføringar i takflata. Konsekvens/tiltak: Fuktskadar i takkonstruksjonen kan føre til råte, svekt bereevne og vidare skadeutvikling. Det blir tilrådd å kontrollere og utbetre tetting rundt gjennomføringane for å sikre ei tett og varig løysing. Fukt på takkonstruksjon og på sutaksbord rundt pipe. Ein må sjå dette i samanheng med takstein.
Kostnadsestimat: Under 20 000

- Yttervegger/Veggkonstruksjon | Det er påvist spreidde råteskadar i den ståande bordkledninga. Råte nede mot altan/terrasse er det mykje råte. Det er påvist betydelege råteskadar i den ståande bordkledninga. Det er påvist manglande gnagesikring (musetetting). Konsekvens/tiltak: Ein må rekne med å skifte kledninga på bustaden, og særleg utsett er sør/vest- og austsida på bustaden. Ein bør også sjå dette i samanheng med skifte av vindauge, som også kan ha ført til fukt på sjølve konstruksjonen. Råteskadar i bordkledninga vil halde fram med å utvikle seg både i tilliggande bordkledning og til bakomliggjande veggkonstruksjon, dersom ein ikkje gjer tiltak. Ved oppgradering må ein vurdere luftinga og museband. Ståande kledning har sine problem på Vestlandet med mykje nedbør. Råte på kledning og ut frå alder må ein rekne med å skifte kledning, og ein bør då også vurdere tilleggsisolering.
Kostnadsestimat: 100 000 - 200 000

- Vinduer og takvinduer/takluker/overlys | Det er påvist råte på vindauge. Det er påvist eit betydeleg tal vindauge med punkterte eller sprukne glasruter. Det er påvist nokre glasruter som er punkterte eller sprukne. Det er påvist at enkelte vindauge er vanskelege å opne og lukke. Det er påvist teikn på innvendig kondensering av enkelte vindaugsglas. Det er påvist avvik rundt innsetjingsdetaljar som fører til at det kjem fukt inn i konstruksjonen. Karmane i vindauge er slitne og det er sprekkar i trevirket. Vindauge har usikker framtidig funksjon: Isolerglasruter eldre enn 35 år. Konsekvens/tiltak: Råteskadar på vindauge medfører nedbryting av materiale og redusert tettleik. Dette kan føre til trekk, varmetap, fuktinntrenging og vidare skade på omkringliggjande

konstruksjon. Vindauga eller glasrutene må skiftast ut. Ein må skifte vindauge i bustaden, då dei også lek gjennom karm og ned i ytterveggen. Dette vil på sikt føre til skadar på konstruksjonen. Det blir tilrådd å planleggje utskifting av vindauga for å sikre tilfredsstillande funksjon og energieffektivitet. Vindauga er generelt i så dårleg forfatning at ein må skifte dei i bustaden.
Kostnadsestimat: 200 000 - 500 000

- Ytterdører | Det er påvist råte eller store skadar i dører. Karmane i dører er vêrslitne utvendig og det er sprekkar i trevirket. Det er påvist at enkelte dører er vanskelege å opne og lukke. Det er påvist mange punkterte glas i dører. Det er påvist teikn på innvendig kondensering av enkelte glas. Konsekvens/tiltak: Det er viktig å utbetre eller skifte ut skadde dører. Omfanget av skadane bør vurderast, og årsaka til eventuell fuktpåverknad må utbetrast for å sikre ei varig løysing. Dette gjeld kjellardør som har store råteskadar, også altandører har skadar, særleg på glas og på brystning som tek inn vatn. Hovuddøra står på nordsida og fungerer, men med enkle glas, og ein må vurdere å skifte ho også. Ein må rekne med noko vedlikehald og at enkelte dører må skiftast ut. Kondensering på enkelte glas har medført fuktskadar i treverk som kan medføre utskiftingsbehov av enkelte dører. Alder på dører og tilstanden på dørene.
Kostnadsestimat: 20 000 - 100 000

- Balkonger, verandaer, takterrasser og altaner | Det er påvist mangelfull eller svekt innfesting. Det er påvist funksjonssvikt av tettesjikt. Det vil seie at det vasstette laget, som skal verne bygningsdelar som ligg under, ikkje fungerer. Det er påvist fukt-/råteskadar i konstruksjonen. Det er påvist fukt-/råteskadar i rekkverk. Det er påvist nedbøying eller teikn på svak konstruksjon. Vasstett sjikt er eldre enn 18 år og har derfor usikker framtidig funksjon. Det er påvist mangelfull eller svekt understøtting. Det er symptom på eller registrerte skadar på overflater. Rekkverket på balkong eller terrasse er for lågt i forhold til dagens krav. Konsekvens/tiltak: Råteskadd rekkverk må skiftast ut for å sikre tilstrekkeleg styrke og trygg bruk. Ei total oppgradering av altan/terrasse må påreknast. Nedbøying eller svak konstruksjon kan tyde på redusert bereevne og risiko for vidare deformasjon eller svikt. Det blir tilrådd å planleggje for kontroll og eventuell fornying av tettesjiktet for å sikre vidare funksjon. Det blir tilrådd å få utført ei fagkunnig vurdering og utbetre eller forsterke understøttinga for å sikre trygg bruk. Det blir tilrådd å undersøkje omfang og årsak, og utbetre skadane for å hindre vidare forverring. Det blir tilrådd å utbetre rekkverket slik at høgda tilfredsstiller gjeldande krav, for å sikre trygg bruk. Alder og vedlikehald over tid har ført til dette som ei oppgradering og gjennomgang for understøtting, tetting mot underlaget, rekkverk m.m.
Kostnadsestimat: 100 000 - 200 000

- Rom under terreng (kjeller, underetasje, sokkeletasje) | Det er påvist synleg fukt på mur/golv i kjellar. Det er påvist indikasjonar på noko fuktgjennomtrenging i kjellargolv. Det er påvist indikasjonar på noko fuktgjennomtrenging inn i kjellarmur. Det er påvist fuktskjoldar/fuktskadar på overflater i underetasje/kjellar. Konsekvens/tiltak: Synleg fukt på mur eller golv i kjellar indikerer fuktinntrenging frå grunn eller konstruksjon. Dette kan føre til fuktskadar, muggvekst, dårleg inneklima og nedbryting av materiale. Det er viktig å undersøkje årsaka til fuktinntrenginga, inkludert drenering, fuktsikring og ventilasjon. Nødvendige tiltak bør gjennomførast for å redusere fuktbelastninga, og eventuelle skadar må utbetrast for å sikre ei varig løysing. Fuktgjennomtrenging kan føre til oppfukting av golv og tilstøytande konstruksjonar, med risiko for fuktskadar og dårleg inneklima. Det er ikkje utført arbeid utvendig på drenering for bustaden, og ein må sjå samanhengen med taknedløp, tett drenering, vatn under betonggolv m.m. som årsaka til dette. Rom som har oppfora golv og veggar må ein rekne med å rive for å tørke ut, og ein må gjere store tiltak utvendig.
Kostnadsestimat: 100 000 - 200 000

- Etasje Bad - Generell | Våtrommet må oppgraderast for å tole normal bruk etter dagens krav. Konsekvens/tiltak: Våtrommet har behov for omfattande oppgraderingar. For å sikre ei løysing som oppfyller gjeldande krav, bør tettesjikt, sluk og røropplegg oppgraderast og dokumenterast. Våtrommet må totalrenoverast. Alle forhold med tettesjikt, våtsone, sluk m.m. må dokumenterast. Total renovering av våtrom i bustaden må til. Badet må ha full oppgradering/ oppbygging! Kostnadsestimat: 200 000 - 500 000

- Etasje Kjøkken - Overflater og innredning | Det er påvist at overflater/kjøkkeninnreiing har

omfattande skadar. Konsekvens/tiltak: Ein må rekne med å skifte innreiinga. Kjøkken bør skiftast ut. Kjøkkeninnreiinga er sliten og ein må skifte innreiinga. Kostnadsestimat: 20 000 - 100 000
- Etasje Toalettrom - Avtrekk/ventilasjon | Det er manglande ventilering frå toalettrom ut frå forskriftskrav. Det er naturleg ventilering frå toalettrom ut frå forskriftskrav. Konsekvens/tiltak: Det må etablerast ventilasjon frå toalettrommet i samsvar med gjeldande forskriftskrav. Naturleg ventilering gir avgrensa luftutskifting, med risiko for opphoping av fukt og dårleg inneklima. Det blir tilrådd å vurdere forbetra ventilasjon, til dømes mekanisk avtrekk, for betre luftutskifting. Oppgradering og montering av ventilasjon i bustaden, og særleg viktig i våtrom og kjellar. Det må etablerast mekanisk avtrekk på våtromma, og det er naturleg å gjere dette når ein oppgraderer romma. Kostnadsestimat: Under 20 000

- Innvendige vannledninger | Det er påvist lekkasje frå vassleidningar. Koparrøyr med lodda, klemde eller andre typar skøytar eldre enn 33 år og har derfor usikker framtidig funksjon. Konsekvens/tiltak: Utan tiltak kan det få konsekvensar for konstruksjonen i kjellar inkl. golv. Det blir tilrådd å planleggje utskifting eller oppgradering av røyrsystemet for å sikre vidare driftstryggleik. I samband med oppgradering av våtrom vil det vere naturleg med utskifting av røyr. Bustaden har gamle vassrøyr som må oppgraderast, og ved innvendig oppgradering av våtrom er dette viktig. Det er vist i taksten til fukt under betonggolvet i kjellar, og det er viktig å fjerne vassrøyr som ligg i grunnen.
Kostnadsestimat: 100 000 - 200 000

- Fuktsikring og drenering | Fuktsikring som er utført i samsvar med dagens tilrådingar, er eldre enn 30 år, og har derfor usikker framtidig funksjon. Fuktsikring som er utført i samsvar med standarden/tilrådingar fram til 1990-talet er eldre enn 25 år, og har derfor usikker framtidig funksjon. Det manglar, eller på grunn av alder er det sannsynleg at det manglar, utvendig fuktsikring av grunnmuren ved kjellar/underetasje. Det er påvist skade eller funksjonssvikt på fuktsikringssystemet. Det er påvist forhøga fuktnivå i kjellarvegg, yttervegg eller kjellargolv. Det er påvist omfattande fuktinntrenging, fuktskade i konstruksjonen, avflassing eller utfelling (salt-/kalkutslag). Konsekvens/tiltak: Utvendig drenering må oppgraderast, og ein viser til tilstanden på grunnmur og fukt i kjellar. Det blir tilrådd å utbetre eller fornye fuktsikringssystemet og kontrollere konstruksjonen for eventuelle følgjeskadar som følgje av fuktpåverknad. Det blir tilrådd å setje i verk tiltak for å redusere fuktbelastninga, samt følgje opp med nærare undersøkingar ved behov. Det blir tilrådd å avdekkje omfanget av fuktproblema, utbetre fuktkjelda og gjennomføre nødvendige reparasjonar eller utskifting av skadde konstruksjonsdelar. Alder på drenering tilseier full utskifting av massar utvendig. Det er også tilrådd å isolere/fuktsikre grunnmuren utvendig alt etter korleis bruken av rom vil bli i kjellar.
Kostnadsestimat: 100 000 - 200 000

- Grunnmur og fundamenter | Det er påvist mindre sprekkar og/eller skeivheiter i muren. Det er påvist store skadar og fuktskadar på overflater. Konsekvens/tiltak: Utvendig flassar muren mykje og puss losnar på sørsida. Garasje/bod er omtalt andre stader.
Kostnadsestimat: 100 000 - 200 000

- Terrengforhold | Terrenget er flatt eller fell inn mot bygningen, og dette skaper maksimale forhold for vatn inn mot grunnmuren. Konsekvens/tiltak: Det er viktig å etablere fall bort frå bygningen og sikre tilfredsstillande bortleiing av overvatn, til dømes med terrengjustering eller drenering. Ved skifte/oppgradering av drenering må ein opparbeide fall vekk frå bustaden.
Kostnadsestimat: 100 000 - 200 000

TG2 med avvik som kan krevje tiltak:

- Utvendig > Nedløp, beslag og skorsteiner over tak: Ikkje tilfredsstillande bortleiing av vatn frå taknedløp ved grunnmur og manglande tilkomst til pipe for feiar.

- Utvendig > Andre utvendige forhold: Åpen garasje/bod er svært fuktig og treng full oppgradering.

- Innvendig > Overflater - gulv: Slitasje, bom i flis og knirk i golv.

- Innvendig > Overflater - vegger og himlinger: Støvkondens og kjemisk sverting, overflater treng oppgradering.
- Innvendig > Etasjeskiller og bærende konstruksjoner: Målt avvik på 5-8 mm i stova.

- Innvendig > Pipe/skorsteiner og ildsteder inne i boligen: Pipe og vedovn er av eldre dato og bør kontrollerast av feiar.

- Innvendig > Innvendige trapper: Svært bratt trapp til kjellar utan rekkverk.

- Innvendig > Innvendige dører: Enkelte dører har ein del slitasje.

- Våtrom > Etasje > Bad > Tilliggende konstruksjoner våtrom: Høgt fuktnivå påvist ved andre undersøkingar enn holtaking.

- Kjøkken > Etasje > Kjøkken > Avtrekk: Avtrekket frå kokesona er ikkje tilfredsstillande.

- Toalettrom > Etasje > Toalettrom > Overflater og konstruksjon: Eldre toalettrom treng oppgradering.

- Tekniske installasjoner > Innvendige avløpsrør: ABS-plastrøyr er eldre enn 33 år og har usikker framtidig funksjon.

- Tekniske installasjoner > Ventilasjon: Mangelfull ventilasjon på eitt eller fleire rom.

- Tekniske installasjoner > Varmesentral (fyrkjeler, varmepumper, fjernvarme, pelletsanlegg, gasskjeler, osv): Ikkje dokumentert service på varmepumpa dei siste to åra.

- Tekniske installasjoner > Varmtvannsbereder/tank: Beredaren manglar tilkopling til avrenning.

- Tomteforhold > Utvendige vann- og avløpsledninger inkl. overvann og avløp fra drenering: Ikkje framlagt dokumentasjon på skifte av røyr frå septiktank.

Helse, miljø og sikkerhet:
Det manglar tilfredsstillande tilkomst til pipe for feiar. Rekkverket på balkong/terrasse og utvendig trapp er for lågt. Opningar i rekkverk er ikkje i samsvar med dagens krav. Det er ikkje montert rekkverk på utvendig trapp. Opningar i rekkverk og mellom trinn i innvendig trapp er større enn dagens krav. Det er ikkje montert rekkverk på innvendig trapp, som er smal og bratt. Det finst ein kontrollrapport frå DLE med avvik som ikkje er utbetra. Det manglar rekkverk/sikring på forstøytingsmur.

Oppsummeringa over er ikkje uttømmande, og du vert oppmoda til å lese og setje deg grundig inn i alt salsmateriell. For ordens skuld nemner vi at TGIU står for «tilstandsgrad ikkje undersøkt», til dømes fordi ein del av bygget ikkje har vore tilgjengeleg for inspeksjon. Desse delane kan dermed ha feil eller manglar som ikkje er avdekte.

Innbu og lausøyre
Når ikkje anna er avtalt, overdragast eigedomen med innreiingar og utstyr som etter lov, føreskrift eller anna offentleg vedtak skal følgje med, jf. avhendingslova. Det same gjeld varig innreiing og utstyr som anten er fastmontert eller er særskilt tilpassa bygningen. Lova inneheld inga detaljert oversikt over kva som omfattast av «innreiing og utstyr», og over kva som skal reknast som «fastmontert eller særskilt tilpassa». Partane kan fritt avtale kva som skal følgje eigedomen ved sal. Bransjens liste over lausøyre og tilhøyr som skal følgje med eigedomen, er ein del av avtala mellom kjøpar og seljar dersom ikkje anna er opplyst i salsoppgåva, kjøpar har teke forbehold i bod eller anna måte er inngått. Er ikkje anna avtalt, vil lausøyre og tilhøyr medfølgje slik dette kjem fram av avhendingslova og bransjens tilhøyrsliste inntatt i salsoppgåva.

Samandrag av seljar si eigenerklæring

Bustaden vert seld med fullmakt.

Veit du om det er, eller har vore, feil eller skadar på vindaugo, som til dømes kondens, fuktskadar eller vatninntrenging? Eller er nokon av vindaugo i bustaden punkterte?
Ja.
Råteskadar og nokre punkterte vindaugo.
Er det gjort tiltak, eller er feilen/skaden utbetra?
Nei, ikkje som eg kjenner til.

Veit du om det er, eller har vore, feil eller skadar med dreneringa?
Ja.
Tett nedløp i takrenne ved sidan av inngangsdør. Noko vatnsamling på tomta.
Er det gjort tiltak, eller er feilen/skaden utbetra?
Nei, ikkje som eg kjenner til.

Veit du om det er, eller har vore, fukt, råte eller vatninntrenging i underetasje, kjellar eller krypkjellar?
Ja.
Vatninntrenging i kjellar i 2013, ca. 1 cm over golv. Fuktmerke i hjørnet på eit rom i kjellar.
Er det gjort tiltak, eller er feilen/skaden utbetra?
Nei, ikkje som eg kjenner til.

Veit du om det er, eller har vore, fukt, sopp eller råteskadar i bustaden/sameiget/burettslaget?
Ja.
Noko råte ved vindaugo, utvendig kledning og terrasse.
Er det gjort tiltak, eller er feilen/skaden utbetra?
Nei, ikkje som eg kjenner til.

Veit du om det er gjort arbeid på det elektriske anlegget, enten av deg eller tidlegare eigarar?
Ja, kun av faglært.
Faglært arbeid:
Hvilket år ble jobben fullført?: 2026
Firmanavn: Fokus Elektro
Beskrivelse av arbeidet: Elsikkerhet Vest kontrollerte det elektriske anlegget. Det vart funne nokre avvik som Fokus Elektro utbetra. Det elektriske anlegget vart godkjent av Eltilsynet i Linja AS 16. juli 2026, saksnummer 320414.

Veit du om kjellaren eller loftet er innreidd etter opphavleg byggeår, enten av deg eller tidlegare eigarar?
Ja.
Det vart bygd kjellarstue truleg på 70-talet. Det vart laga toalettrom i kjellar truleg på 80-talet.
Er tiltaket godkjent av kommunen?
Nei, ikkje som eg kjenner til.

Tomteforhold

Tomtetype
Eigd

Tomteareal
Tomtestorleik 668,6 m²

Beskriving av tomta
Eigd tomt på totalt 668,6 m², fordelt på to bruksnummer. Tomta er opparbeidd med asfaltert område framfor bustaden og plen med beplanting på sørsida. Det er registrert gjerdeplikt på

eigedomen.

Grensene for eigedomen er dels middels nøyaktige og dels mindre nøyaktige. Kjøpar overtek ansvaret for eventuelle avvik i areal og grenser.

Parkering
Eigedomen har ei open garasje/bod mot vest, lokalisert under terrassen. I tillegg er det parkeringsplassar på det asfalterte området framfor huset.

Eigedomen
Eigarform
Eiet

Ferdigattest/bruksløyve
Det ligg føre bygggodkjende teikningar for eigedomen fra 31.01.1979.
Det fins likevel verken mellombels bruksløyve eller ferdigattest i arkiva til kommunen. I dei tilfella der mellombels bruksløyve ikkje er utsteda før 01.01.1998 vil byggesaken ikkje vere korrekt avslutta og for å få ei korrekt avslutning, så kan kommunen etter plan- og bygningslova pålegge eigar å setje i gang tiltak som leier til at mellombels bruksløyve kan omsøkast og utstedast. Uavhengig av reaksjonsforma frå kommunen, blir dette kjøpar sitt ansvar og risiko. Arealet er målbart sjølv om det ikkje ligg føre ferdigattest.

Eigedomen har ei open garasje/bod mot vest, lokalisert under terrassen. Ihht til teikningar er denne garasjen/boda ikkje byggjelmeldt og godkjent.

I hht godkjente teikningar er kjellar registrert som boder/hobbyrom og vaske/tørkerom. Det er ikkje søkt om bruksendring til rom med varig opphald.

Seljar påtek seg ikkje ansvar for å byggjemelde eller få godkjent oppføringa i ettertid. Frå kommunen kan det kome reaksjonar overfor eigar, til dømes krav om riving, krav om omsøking eller ilegging av overtredingsgebyr m.m. Uavhengig av kva reaksjonsform kommunen måtte nytte, blir dette kjøpar sitt ansvar og risiko.

Veg, vatn, avlaup
Eigedomen har tilkomst via kommunal veg. Eigedomen er tilknytt offentleg vassforsyning via private stikkleidningar. Avløp er via septiktank med overløp vidare til offentleg avløpsnett. Private stikkleidningar vert vedlikehaldne for eigar si eiga rekning.
Det er opplyser at at det er skifta røyr frå septik og vidare mot offentleg anlegg. Viser til pålegg til eigar i 2019. Det er ikkje funnet dokumentasjon på dette arbeidet.

Reguleringsplan
Eigedomen ligg i eit uregulert område, men området er i kommuneplanens arealdel avsett til bustadbygging. Kommuneplanens arealdel fastset framtidig arealbruk for området, og er — etter kommunestyret sitt vedtak — bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak. Det kan bety at det ikkje er tillate å gjenoppbyggje eigedomen ved totalskade, avhengig av kva arealformål som gjeld og korleis kommunen praktiserer plan- og bygningslova.

Eigedomen er omfatta av to kommunedelplanar. I Kommunedelplan Florelandet Brandsøy (plan-ID 20200001), vedteken 16.06.2022, er 552 m² av eigedomen avsett til bustadbygging (felt B1). I Kommunedelplan for Florø sentrum 2018-2022 (plan-ID 140120170002), vedteken 02.10.2018, er 14 m² avsett til veg (felt o_V1).
Eigedomen vert råka av følgjande omsynssone:
- Omsynssone H190_1,2: Restriksjonssone lufthamn
 Dette er ei sikringssone rundt Florø lufthamn. Sone H190_1 gjeld byggerestriksjonsflater rundt flynavigasjonsanlegg, der tiltak krev radioteknisk godkjenning frå Avinor. Sone H190_2 gjeld

høgderestriksjonar som er angitt på gjeldande restriksjonsplan for lufthamna.
Kopi av situasjonskart, eigedomsrapport, reguleringsplanar med tilhøyrande føresegner m.m. ligg vedlagt i salsoppgåva eller kan fåast ved å vende seg til meklar. Interessentar vert oppmoda om å setje seg inn i desse dokumenta.

Radonmåling
Det er ikkje utført radonmåling og det er heller ikkje krav til dette, for meir informasjon vedrørande radon sjå www.dsa.no. Kjøpar overtek frå overtakinga ansvaret for eventuelle utbetringstiltak som seinare må setjast i gang og betalast.

Hefte
På eigedomen er det tinglyst følgjande hefte og rettar som følgjer eigedomens matrikkel ved overskøyting til ny heimelshavar:

4602/27/734:
06.03.1971 - Dokumentnr: 838 - Bestemmelse om gjerde
Skøyte der det går fram at parsellen har gjerdeplikt.

4602/27/1070:
06.03.1971 - Dokumentnr: 839 - Bestemmelse om gjerde
Skøyte der det går fram at parsellen har gjerdeplikt.

Seljar ber risikoen for at kjøpar kan få tinglyst skøyte utan andre heftingar enn dei som det er avtalt at følgjer med i handelen.

Eigar
Inge Reksten
Rune Reksten
Helga Reksten

Energi
Oppvarming
Varmepumpe og vedfyring. Det er installert ei luft-til-luft-varmepumpe frå 2010, og ein vedomn er tilkopla fastmontert elementpipe.

Dersom rom ikkje har vegg- eller fastmonterte varmekjelder ved vising, følgjer dette heller ikkje med.

Tilstandsrapporten beskriv den tekniske tilstanden til byggverket. Det er ikkje utført kontroll av dei elektriske installasjonane (el-takst) sjølv om bygningssakkunnig kan ha knytt kommentarar til el-anlegget ut frå heilt enkle vurderingskriterium.

Sidan el-anlegget ikkje er kontrollert, er det ikkje usannsynleg at det seinare kan bli avdekt avvik frå dagens forskriftskrav og oppstå funksjonssvikt. Vidare må kjøpar vere førebudd på at det kan måtte gjerast oppgraderingar på grunn av slitasje, manglande vedlikehald, arbeid som er utført av ufaglærte, alder eller tekniske løysingar som ikkje held dagens standard.

I Noreg er det ei av oppgåvene til «Det lokale eltilsynet» (DLE) å utføre tilsyn med elektriske anlegg i bustader og fritidsbustader. Alle bustader skal ha periodisk kontroll kvart 20. år, og hytter/fritidsbustader blir kontrollerte kvart 30. år. El-anlegget er ein bygningsdel som er gjenstand for konstant utvikling. Ein må difor rekne med at dagens anlegg ikkje nødvendigvis er dimensjonert for oppgradering av kjøkken med nye elektriske apparat eller rehabilitering av bad med varmekablar, samt installeringer for elbilladar.

Meklar gjer merksam på at desse utgiftene er knytt til dagens eigar og at desse vil kunne endre seg med omsyn til anna bruk av bustaden enn i dag eller andre avtalar med leverandørar.

Energimerking
Energikarakter: D.

Økonomi

Pris

Prisantydning	Kr 1 990 000,-
Kostnader	Kr 64 800,-
Total pris inkl. kostnader	Kr 2 054 800,-

Kostnader ved kjøp
1 990 000,00 (Prisantydning)

Omkostninger
13 700,00 (Boligkjøperforsikring - Help* (valgfritt))
49 750,00 (Dokumentavgift)
260,00 (Grunnboksutskrift)
545,00 (Tinglysing pantedokument)
545,00 (Tinglysing skøyte)
---
51 100,00 (Omkostninger totalt (uten Boligkjøperforsikring - Help))
64 800,00 (Omkostninger totalt (med Boligkjøperforsikring - Help))
---
2 041 100,00 (Totalpris inkl. omkostninger (uten Boligkjøperforsikring - Help))
2 054 800,00 (Totalpris inkl. omkostninger (med Boligkjøperforsikring - Help))

Kommunale avgifter
Kommunale avgifter: Kr 24 736 pr 2026
Inkl eigedomsskatt kr 3 823,- og Renovasjon fra Nomil. kr 5 181,-

Formuesverdi
Formuesverdi primær: Kr 472 053 for år 2024
Formuesverdi sekundær: Kr 1 888 213 for år 2024
Formuesverdien er henta frå Skatteetaten.

Formuesverdien er ein fastsett prosentdel av den berekna marknadsverdien. Den berekna marknadsverdien byggjer på opplysningar frå Statistisk sentralbyrå (SSB) om omsette bustader. I berekninga blir det teke omsyn til bustaden si plassering, areal, byggeår og bustadtype.

Det er eigaren av bustaden som fastset formuesverdien, men skattemyndigheitene kan kontrollere at verdien er sett korrekt. (Alternativt med lovheimel: Det er eigaren av bustaden som fastset formuesverdien, jf. skatteforvaltningslova § 9-1 første ledd, men skattemyndigheitene kan kontrollere at verdien er sett korrekt.)

Formuesverdi skal ikkje overstige:
Primærbustad: 25 % av berekna eller dokumentert marknadsverdi opp til kr. 10?000?000, og deretter 70 % av den overskytande marknadsverdien.
Sekundærbustad: 100 % av berekna eller dokumentert marknadsverdi.
Formuesverdiar som overstig desse grensene, kan krevjast nedjusterte av eigaren.

For meir informasjon, sjå skatteetaten.no.

Utleige

Tilgang til utleige

Bustad med éi bueining som fritt kan leigast ut i si heilskap. Delar av bustaden kan òg leigast ut, føresett at dette er ein del av den godkjende hovuddelen til bustaden med rom som er godkjende for varig opphald, og at den utleigde delen ikkje er fråskild som ei sjølvstendig bueining.

Vilkår og bestemmingar

Lovanvending

Generelle bestemmelser

Salgsoppgaven er basert på de opplysningene selger har gitt til megler, den bygningssakyndiges tilstandsrapport, samt opplysninger innhentet fra kommunen, Kartverket og andre tilgjengelige kilder. Det er viktig at kjøper setter seg grundig inn i alle salgsdokumentene, herunder salgsoppgave, tilstandsrapport og selgers egenerklæring. Kjøper anses kjent med forhold som er tydelig beskrevet i salgsdokumentene, og slike forhold kan ikke påberopes som mangler. Dette gjelder uavhengig av om kjøper har lest dokumentene. Alle interessenter oppfordres til å undersøke eiendommen nøye, gjerne sammen med fagkyndig før bud inngis. Kjøper som velger å kjøpe usett kan ikke gjøre gjeldende som mangel noe han burde blitt kjent med ved undersøkelsen.

Dersom det er behov for avklaringer, anbefaler vi at interessenter rådfører seg med eiendomsmegler eller egne rådgivere før det legges inn bud.

En bolig som har blitt brukt i en viss tid, har vanligvis blitt utsatt for slitasje og skader kan ha oppstått. Slik bruksslitasje må kjøper regne med, og det kan avdekkes enkelte forhold etter overtakelse som nødvendiggjør utbedringer. Normal slitasje og skader som nødvendiggjør utbedring, er innenfor hva kjøper må forvente og vil ikke utgjøre en mange

Kjøper og selgers rettigheter og plikter reguleres av avtalen mellom partene, samt informasjonen som har vært tilgjengelig for kjøperen i forbindelse med handelen. Avtalen utfylles av avhendingsloven, og det gjelder ulike avtalevilkår avhengig av om kjøper er forbrukerkjøper eller ikke. Dette er nærmere beskrevet nedenfor.

På grunn av ulike avtalevilkår kan selger vurdere bud fra en som ikke er forbruker, ulikt fra en forbrukers bud. Dersom kjøper ikke er forbruker, er selger sitt mulige mangelsansvar begrenset fordi eiendommen selges "som den er". Selger kan ikke ta «som den er» forbehold ovenfor en forbrukerkjøper. Selv et lavere bud fra en som ikke er forbruker kan foretrekkes fordi begrensningen i mulig mangelsansvarkan ha egenverdi for selger. Selger står fritt til å forkaste eller akseptere ethvert bud, og er for eksempel ikke forpliktet til å akseptere høyeste bud.

Budgiver skal i budskjema avgi egenerklæring ombudgiver er forbruker eller næringsdrivende/ person som hovedsakelig handler som ledd i næringsvirksomhet. Budgivere får informasjon dersom andre bud er inngitt av en som ikke er forbruker.

Forbrukerkjøp - definisjon

Med forbrukerkjøp menes kjøp av eiendom når kjøperen er en fysisk person som ikke hovedsakelig handler som ledd i næringsvirksomhet.

Forbruker – avtalevilkår

Eiendommen har en mangel dersom den ikke er i samsvar med kravene som følger av avtalen, eller det foreligger brudd på bestemmelsene i avhendingsloven §§ 3-2 til 3-8. Hvis eiendommen ikke er i samsvar med det kjøperen må kunne forvente ut ifra alder, type og synlig tilstand, kan det være grunnlag for mangelskrav. Det samme gjelder hvis det er holdt tilbake eller gitt uriktige opplysninger om eiendommen. Dette gjelder likevel bare dersom man kan gå ut ifra at det virket inn på avtalen at opplysningen ikke ble gitt eller at feil uriktige opplysninger ikke blir rettet i tide på en tydelig måte.

Boligen kan ha en mangel etter avhendingsloven § 3-3 dersom det er avvik mellom opplyst og faktisk innvendig areal, forutsatt at avviket er på 2% eller mer og minimum 1 kvm.

Ved beregning av et eventuelt prisavslag eller erstatning må kjøper selv dekke tap/kostnader opptil et beløp på kr 10 000 (egenandel).

Ikke-forbruker (næringsdrivende) – definisjon
Hvis kjøper er en juridisk person, eller en fysisk person som hovedsakelig handler som ledd i næringsvirksomhet, vil kjøpet ikke anses som et forbrukerkjøp.

Ikke-forbruker – avtalevilkår
Eiendommen har en mangel dersom den ikke er i samsvar med kravene som følger av avtalen. Eiendommen selges «som den er», og selgers ansvar utover det konkret avtalte er da begrenset etter avhendingsloven § 3-9, første ledd andre setning.

Avhendingsloven § 3-3 andre ledd fravikes, og hvorvidt boligens arealsvikt utgjør en mangel vurderes etter avhendingsloven § 3-8.

Informasjon om kjøpers undersøkelsesplikt, herunder oppfordringen om å undersøke eiendommen nøye, gjelder også for kjøpere som ikke anses som forbrukere.

Bustadseljarforsikring

Seljar har teikna bustadseljarforsikring hos Fremtind. Forsikringa dekkjer seljar sitt ansvar etter avhendingslova, med dei avgrensingane som følgjer av forsikringsvilkåra og er avgrensa til salssummen til eigedomen, men oppad avgrensa til kr. 14 000 000,-. Seljar har i den samanhengen utarbeidd ei eigenerklæring om eigedomen. Eigenerklæringa ligg vedlagt salsoppgåva og interessentar vert oppmoda til å gjere seg kjend med denne før bodgiving/kjøp. Bustadseljarforsikringa sørgjer for at kjøpar kan forhalde seg til ein profesjonell og søkegod motpart som handterer eventuelle reklamasjonar fagleg og ryddig. Dersom kjøpar ikkje har teikna bustadkjøparforsikring kan du kontakte meklar for å få kontaktinformasjon til bustadseljarforsikringa til seljar.

Av vilkåra går det fram unntak i forsikringsdekninga, til dømes ved nye forhold som oppstår mellom aksept og overtaking. Garantiar/lovnader der seljar har påteke seg ansvar for eigenskapar ved eigedomen eller dokumentasjon av slike, vert ikkje dekt. I nokre tilfelle er det heller ikkje dekning der seljar har opptrådt forsettleg eller grovt aktlaust. Forsikringa omfattar heller ikkje ein redusert bustadverdi som skuldast skadedyr/insekt, til dømes skjeggkre/perlekre/sølvkre, veggdyr, pelsbiller, maur, borebiller og tilsvarande. I samsvar med lov og rettspraksis må det reklamerast "innan rimeleg tid". Det vert tilrådd å reklamere umiddelbart/snarast mogleg og seinast innan 2 månader frå forholdet vart/burde vorte oppdaga.

Dersom kjøpar utbetrar mangelskrav på eiga hand, kan dette medføre at reklamasjonsretten vert tapt.

Bustadkjøparforsikring

Ikke la vannet renne når du vasker opp eller skyller. Bruk kjeler med plan bunn som passer til platen, bruk lokk, kok ikke opp mer vann enn nødvendig og slå ned varmen når det har begynt å koke. Slå av kjøkkenventilatoren når det ikke lenger er behov. Bruk av microbølgeovn til mindre mengder mat er langt mer energisparende enn komfyren. Tin frossenmat i kjøleskapet.Kjøl - og frys skal avrimes ved behov for å hindre unødvendig energibruk og for høy temperatur inne i skapet / boksen (nye kjølekap har ofte automatisk avriming). Fjern støv på kjøleribber og kompressor på baksiden. Slå av kaffetraker når kaffen er ferdig traktet og bruk termos. Oppvaskmaskinen har innebygde varmeelementer for oppvarming av vann og skal kobles til kaldvannet, kobles den til varmtvannet øker energibruken med 20 - 40 % samtidig som enkelte vaske - og skylleprosesser foregår i feil temperatur.

Tiltak 13: Bruk varmtvann fornuftig

Bytt til sparedusj hvis du ikke har. For å finne ut om du bør bytte til sparedusj eller allerede har sparedusj kan du ta tiden på fylling av ei vaskebøtte; nye sparedusjer har et forbruk på kun 9 liter per minutt. Ta dusj i stedet for karbad.Skift pakning på dryppende kraner.Dersom varmtvannsberederen har nok kapasitet kan temperaturen i berederen reduseres til 70gr.

Tiltak 14: Slå av lyset og bruk sparepærer

Slå av lys i rom som ikke er i bruk. Utnytt dagslyset. Bruk sparepærer, spesielt til utelys og rom som er kalde eller bare delvis oppvarmet.

Tiltak utendørs

Tiltak 15: Skifte til sparepærer på utebelysning

Sparepærer på 5, 7, 11, 15, og 20 W tilsvarer glødelamper på henholdsvis 25, 40, 60, 75 og 100 W. Sparepærer gir like mye lys som vanlige glødelamper, men bruker bare rundt 20% av energien. De varer dessuten lenger, 8.000-15.000 timer mot 1.000 - 2.500 timer for glødelamper.

Tiltak 16: Montere automatikk på utebelysning

Det kan monteres fotocelle på utebelysningen slik at det automatisk går av/på etter dagslyset/mørket. Eller det kan monteres bevegelsessensor slik at lyset kun går på ved bevegelse og slås av automatisk etter forhåndsinnstilt tid.

Tiltak 17: Termostat- og nedbørsstyring av snøsmelteanlegg

Snøsmelteanlegget er kun manuelt styrt, eller styres kun etter lufttemperatur. Det installeres automatikk slik at snøsmelteanlegget både er temperatur- og nedbørsstyrt. Det kan være i form av en temperatur- og snøføler i bakken, med temperatur - og fuktføler i luften.Snøsmelteanlegget aktiveres kun ved behov dvs.når det registreres nedbør og kulde samtidig.

Tiltak 18: Montere urbryter på motorvarmer

Det monteres urbryter (koblingsur) på motorvarmeren slik at den ikke står på mer enn nødvendig.

Tiltak på varmeanlegg

Tiltak 19: Installere ny rentbrennende vedovn / peisinnsats, alternativt pelletskamin

I gamle vedovner / peiser med dør utnyttes kun 30 - 55 % av energiinnholdet i veden, mens med nye rentbrennende vedovner /peisinnsatser (som kom på markedet i 1988) er virkningsgraden på 70 - 80 %. Alternativt kan den gamle vedovnen / peisen skiftes ut med en pelletskamin.Nye vedovner,peisinnsatser og pelletskaminer utnytter energien mer effektivt samt at røykgassforurensning og utslippene reduseres med inntil 90 % sammenlignet med gammel vedovn.De fleste pelletskaminer styres av en romtermostat,slik at man kan stille inn ønsket temperatur.Kaminen kan starte og slokke av seg selv,og mange kaminer kan også programmere inn ukeprogram,med f.eks.nattsenkning.

Utskriftsdato: 05.08.2026

Kinn kommune

Adresse: Postboks 314, 6702 MÅLØY
Telefon: 411 61 375

Planopplysninger

EM §6-7 Oppdragstakerens undersøkelses- og opplysningsplikt Kilde: Kinn kommune

Kommunenr.	4602	**Gårdsnr.**	27	**Bruksnr.**	734	**Festenr.**		**Seksjonsnr.**	
Adresse	Nordnesvegen 18, 6905 FLORØ								

Opplysningene omfatter gjeldende planer og pågående planarbeid for eiendommen. Nærmere opplysninger om den enkelte plan med dokumenter, mindre endringer, etc finnes på internett, se lenker under. Oppgitte delarealer viser planinformasjon på eiendommen.

Det tas forbehold om riktigheten eller fullstendigheten av opplysningene i dette dokumentet. Det kan ikke rettes krav som følge av at disse opplysningene benyttes som grunnlag for beslutninger.

Plantyper med treff

- Kommunedelplaner

Plantyper uten treff

- Kommuneplaner
- Kommunedelplaner under arbeid
- Reguleringsplaner under bakken
- Reguleringsplaner under arbeid
- Reguleringsplaner under arbeid i nærheten
- Bebyggelsesplaner over bakken
- Midlertidige forbud
- Kommuneplaner under arbeid
- Reguleringsplaner
- Reguleringsplaner over bakken
- Reguleringsplaner bunn
- Bebyggelsesplaner
- Bebyggelsesplaner under bakken

Kommunedelplaner

Besøk kommunens hjemmeside for mer informasjon.

Id	20200001
Navn	Kommunedelplan Florelandet Brandsøy
Plantype	Kommunedelplan
Status	Endelig vedtatt arealplan
Ikrafttredelse	16.06.2022
Bestemmelser	- https://www.arealplaner.no/4602/dokumenter/4727/F%c3%b8resegner_Gjeldande.pdf
Delarealer	**Delareal** 552 m^2 **Arealbruk** Boligbebyggelse,Nåværende **Områdenavn** B1
	Delareal 552 m^2 **KPHensynsonenavn** H190_1,2 **KPSikring** Andre sikringssoner
Id	140120170002
Navn	Kommunedelplan for Florø sentrum 2018-2022

Plantype	Kommunedelplan
Status	Endelig vedtatt arealplan
Ikrafttredelse	02.10.2018
Bestemmelser	- https://www.arealplaner.no/4602/dokumenter/2937/2.%20Gjeldande_Foresegner.pdf
Delarealer	**Delareal** 14 m^2 **Arealbruk** Veg,Nåværende **Områdenavn** o_V1


Kinn kommune

Kommuneplankart

Eiendom: 27/734
Adresse: Nordnesvegen 18
Utskriftsdato: 05.08.2026
Målestokk: 1:2000

N

UTM-32



Kartet er produsert fra kommunens beste digitale kartbaser for området og inneholder viktige opplysninger om eiendommen og området omkring.
Presentasjonen av informasjon er i samsvar med nasjonal standard.
Kartet kan inneholde feil, mangler eller avvik i forhold til kravene i oppgitt standard.
Kartet kan ikke benyttes til andre formål enn det formålet det er utlevert til uten samtykke fra kommunen jf. lov om åndsverk.

Tegnforklaring



FLORA KOMMUNE
Sentrumsplanen

Føresegner og retningslinjer

Kommunedelplan for Florø sentrum (sentrumsplanen)

2018 – 2022

Vedtatt i Bystyret 02.10.18

Dato	30.10.18
Status	Endeleg versjon etter vedtak i Bystyret 02.10.18
Utarbeidd av	Philip Dixon Sandberg
Kontrollert av	Anders Espeset og Heidi Dyrøy

Innhald

1 INNLEIING 6

1.1. VERKNADER AV PLANEN (PBL. §§ 11-5 OG 11-6) 6
1.2. FORHOLDET TIL EKSISTERANDE PLANAR (PBL. § 1-5) 6
1.3. FØRESEGNER OG RETNINGSLINJER SI OPPBYGGING OG STRUKTUR 6

2 GENERELLE FØRESEGNER 7

2.1 PLANKRAV (PBL § 11-9 NR. 1) 7
2.2 UTBYGGINGSAVTALAR (PBL § 11-9 NR. 2) 7
2.3 ENERGI (PBL § 11-9 NR. 3 OG NR. 8) 7
2.4 VASSFORSYNING OG AVLAUP (PBL § 11-9 NR. 3) 8
2.5 VEG OG TRANSPORT (PBL § 11-9 NR. 3) 8
2.6 REKKEFØLGJEKRAV (PBL § 11-9 NR. 4) 9
2.7 BYGGJEGRENSER MOT SJØ OG VASSDRAG (PBL § 11-9 NR. 5) 9
2.8 UNIVERSELL UTFORMING (PBL § 11-9 NR. 5) 10
2.9 OMSYN TIL BARN OG UNGE SINE INTERESSER (PBL §§ 1-1, 11-9 NR. 5 OG NR. 8) 11
2.10 KRAV TIL LEIKEAREAL/FELLES UTEOPPHALDSAREAL (PBL § 11-9 NR. 5) 11
2.11 PARKERING (PBL § 11-9 NR. 5) 12
2.12 KLIMA (PBL § 11-9 NR. 6) 14
2.13 ESTETIKK, BYFORMING OG ARKITEKTUR (PBL § 11-9 NR. 6 OG 7) 15
2.14 KUNST I OFFENTLEG ROM (PBL § 11-9 NR. 6) 15
2.15 NATUR, LANDSKAP OG GRØNTSTRUKTUR (PBL § 11-9 NR. 6) 15
2.16 STØY (PBL § 11-9 NR. 6) 16
2.17 RENOVASJON (PBL § 11-9 NR. 6) 16
2.18 BEVARING AV EKSISTERANDE BYGNINGAR OG KULTURMILJØ (PBL § 11-9 NR.7) 17
2.19 KONSEKVENSUTGREIING OG ROS-ANALYSE (PBL § 11-9 NR. 8) 19

3 BYGG OG ANLEGG (PBL § 11-7 NR.1) 20

3.1 BUSTADER (PBL § 11-7 NR. 1) 20
3.1.1 Generelt 20
3.1.2 Rekkjefølgjekrav (pbl § 11-9 nr. 5, 6 og 8) 20
3.1.3 Stranda og områda vest for Fugleskjærgata 20
3.1.4 Hans Blomgate og kvartale nord for Michael Sarsgate. 24
3.1.5 Sør for Michael Sarsgate og området mellom skulen og sjukehuset 24
3.1.6 Sør for Lillevatnet 24
3.1.7 Hesteneset 24
3.1.8 Tua 25
3.2 SENTRUMSFØREMÅL (PBL § 11-7 NR. 1) 26
3.2.1 Generelt 26
3.2.2 Strandgata 26
3.2.3 Markegata 27
3.2.4 Hamneområdet 27
3.2.5 Busstasjonen 27
3.2.6 Hestnesgata 27
3.3 OFFENTLEG ELLER PRIVAT TENESTEYTING (PBL § 11-7 NR. 1) 28
3.3.1 Generelt 28
3.3.2 Flora ungdomskule og idrettsanlegget 28

3.3.3 Kyrkja og kyrkjebakken ... *28*
3.3.4 Eldresentret ... *29*
3.3.5 Florø omsorgssenter ... *29*
3.3.6 Florø barneskole, SMS, Samfunnshuset, Sjukehuset, Docen og Neppjarhaugen bhg. ... *30*
3.4 NÆRINGSBYGG (PBL § 11-7 NR. 1) ... 31
3.4.1 Generelt ... *31*
3.4.2 Stranda ... *31*
3.4.3 Slakteriet ... *31*
3.4.4 Hesteneset ... *32*
3.4.5 Evja og verftsområde ... *32*
3.5 ANDRE TYPAR BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL § 11-7 NR. 1) ... 34
3.6 Kombinert byggje- og anleggsformål (pbl § 11-7 nr. 1) ... *35*

4 SAMFERDSELANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL§ 11-7NR. 2) ... 36

4.1 VEG (PBL § 11-7 NR. 2) ... 36
4.2 HAMN (PBL § 11-7 NR. 2) ... 36
4.3 KOLLEKTIVKNUTEPUNKT (PBL § 11-7 NR. 2) ... 37
4.4 PARKERING (PBL § 11-7 NR. 2) ... 37
4.5 TURVEG "BLÅ PROMENADE" ... 38
4.6 KOMBINERTE FØREMÅL (PBL § 11-7 NR. 2) ... 38

5 GRØNTSTRUKTUR (PBL § 11-7 NR.3) ... 39

5.1 GRØNTSTRUKTUR ... 39
5.2 NATUROMRÅDE (PBL § 11-7 NR.3) ... 39
5.3 TURDRAG (PBL § 11-7 NR.3) ... 39
5.4 FRIOMRÅDE (PBL § 11-7 NR.3) ... 39
5.5 PARK (PBL § 11-7 NR.3) ... 40

6 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL § 11-7 NR.6) ... 41

6.1 FERDSEL (PBL § 11-7 NR. 6) ... 41
6.2 FARLEI (PBL § 11-7 NR. 6) ... 41
6.3 FRILUFTSOMRÅDE (PBL § 11-7 NR. 6) ... 41
6.4 SMÅBÅTHAMN (PBL § 11-7 NR. 6) ... 41
6.4.1 Nordnes ... *41*
6.4.2 Sentrum ... *42*
6.4.3 Gaddevågen ... *42*

7 OMSYNSSONER (PBL § 11-8) ... 43

7.1 RASFARE (PBL § 11-8A) ... 43
7.2 FORVENTA HAVNIVÅSTIGNING (PBL § 11-8 A). ... 43
7.3 OMSYNSSONE NATURMILJØ (PBL § 11-8 A). ... 43
7.4 BEVARING AV KULTURMILJØ (PBL § 11-8 C) ... 44
7.5 BANDLEGGING FOR REGULERING ETTER PBL (PBL § 11-8 D) ... 45
7.6 KRAV OM FELLES PLANLEGGING (PBL § 11-8 D) ... 45
7.7 REGULERINGSPLAN SKAL FRAMLEIS GJELDE (PBL § 11-8 F) ... 45

VEDLEGG 46

DEFINISJONAR 46
ANNA LOVVERK OG FORSKRIFTER SOM VEDKJEM PLANLEGGINGA 48



1 Innleiing

1.1. Verknader av planen (pbl. §§ 11-5 og 11-6)

Kommunedelplanen for Florø sentrum viser hovudtrekka i arealdisponeringa, samt rammer, føresetnadar og omsyn ved nye tiltak og ny arealbruk. Kommunedelplanen består av plankart, føresegner og planomtale.

Føresegnene til arealdelen er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk. Føresegnene inneheld både generelle føresegner som gjeld for fleire arealbruksføremål og særskilte føresegner knytt til det enkelte arealbruksføremål.

Plankartet er datert 03.04.2018 i målestokk 1:5000. Føresegnene er datert 03.04.2018. Ved motstrid mellom plankart og føresegner går plankartet føre.

Tiltak som ikkje er i samsvar med føresegnene og plankartet må handsamast som plansak eller dispensasjonssak med heimel i plan- og bygningslova § 19-2. Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på statlege og regionale rammer og mål, jf. plan- og bygningslova § 19-2, fjerde ledd.

1.2. Forholdet til eksisterande planar (pbl. § 1-5)

Sentrumsplanen med føresegner og retningslinjer skal gjelde framfor eldre planar, der ikkje anna går fram av sentrumsplanen. Der kor det er motstrid skal sentrumsplanen gjelde foran reguleringsplanen.

Godkjende reguleringsplanar som framleis skal gjelde er vist som omsynssoner H910 i plankartet, jf. pbl § 11-8 bokstav f.

Kommunedelplan for universell utforming, kommunedelplan for sykkel og kommunedelplan trafikk og parkering i Florø sentrum skal framleis gjelde, jf. pbl § 1-5, andre ledd.

1.3. Føresegner og retningslinjer si oppbygging og struktur

Tekst som ligg i grå tekstboks er juridisk bindande føresegner. Føresegnene er delt i generelle føresegner og i geografiske føresegner. Dei generelle føresegnene gjeld for alle område innanfor kommunedelplanen uavhengig av planformål. Dei geografiske føresegner gjeld for det enkelte området. Desse to delane verkar i lag. Alt som er generelt og uavhengig av føremål er samla i dei generelle føresegnene. Unntak eller tillegg kjem under dei enkelte områda.

Retningslinjer, som ikkje har juridisk verknad, står utanfor grå tekstboks. Retningslinjene er rettleiande for kommunen si sakshandsaming og kan ikkje brukast som sjølvstendig grunngjeving for vedtak.

2 Generelle føresegner

2.1 Plankrav (pbl § 11-9 nr. 1)

- I område avsett til bygg og anlegg jf. pbl § 11-7 nr 1, som ikkje har gjeldande reguleringsplan, er det krav om ny detaljreguleringsplan dersom det skal byggjast meir enn 2000 m^2 nytt areal (BRA), eller ved bruksendring/ombygging av eksisterande areal på meir enn 1000 m^2 (BRA).

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 og 20-2 med mindre enn 1000 m^2 nytt areal (BRA) eller bruksendring/ombygging av nytt areal på mindre enn 1000 m^2 (BRA) krev ikkje ytterlegare plan, dersom det kan dokumenterast at forholdet til transportnett og lovverk er ivaretatt, og at generelle og geografiske føresegner i kommunedelplanen vert oppfylt.

- Kommunen kan, uavhengig av storleiken på tiltaket, likevel krevje utarbeiding av reguleringsplan der dette er nødvendig for å sikre forsvarleg planavklaring og gjennomføring av tiltaket, fleirbruk og vern i forhold til råka private og offentlege interesser, jf. Pbl § 12-1.

- For verksemder der samlokalisering kan utgjere fare skal det gjerast ei vurdering av risiko i samband med reguleringsplan.

Følgjande område krev utarbeiding av detaljreguleringsplan før det kan gjevast løyve til tiltak:

- Bustad felt B8, B9, B10 og B11
- Sentrumsformål felt K2 og K09
- Offentleg/privat tenesteyting felt OP2, OP4, OP7 og OP9
- Næringsområde felt N4 og N7
- Andre typar bygningar og anlegg felt AB4
- Kombinert byggje og anleggsformål felt KB1
- Veg felt o_V1
- Kollektivknutepunkt o_IN1

2.2 Utbyggingsavtalar (pbl § 11-9 nr. 2)

- Utbyggingsavtale skal utformast i samsvar med gjeldande retningsliner for bruk av utbyggingsavtalar, jf. vedtak i bystyret 06.10.2009, sak 091/09.

2.3 Energi (pbl § 11-9 nr. 3 og nr. 8)

- I samband med regulering av byggjeområde skal det for planområdet utarbeidast energiutgreiing som gjer greie for valde løysingar for fornybar energiforsyning og lågt energiforbruk. Etablering av nærvarmeanlegg skal vurderast i større bygg og byggeområde. Reguleringsplanar skal gjennom føresegner etter § 12-7 nr 8 ta stilling til spørsmålet om vassbåren varme.

- I område med krav om reguleringsplan eller ved oppføring av nye bygg, skal alle nybygg oppfylle krav til energikarakter grøn B eller betre i energimerkesystemet.
- Krava i TEK 17 om energiforsyning er faste og kommunen vil ikkje gje unntak dersom kravet fører til meirkostnader over bustadbygningars livsløp.

Retningslinje:

- Der det går kraftleidningar med lågare spenningsnivå gjennom byggjeområde bør jordkabel vurderast i samband med planlegging og utbygging.

2.4 Vassforsyning og avlaup (pbl § 11-9 nr. 3)

- Krav om VA-rammeplan skal inngå i alle reguleringsplanar. Rammeplanen skal vise prinsippløysingar for området, samanheng med overordna system og dimensjonere og vise handtering av overvatn.
- Overvatn skal fortrinnsvis handterast gjennom lokal infiltrasjon i grunnen og i opne vasstrengar.
- Der det kjem fram gjennom ROS analyse og KU at det er utfordringar eller at det må gjerast tiltak for å handtere overflatevann, skal dette visast spesielt i dokumentasjon til reguleringsplan eller byggesak.
- Kommunen sin VA-norm skal leggjast til grunn for arealplanar og søknad om tiltak.

2.5 Veg og transport (pbl § 11-9 nr. 3)

- Kommunedelplan for sykkel skal leggjast til grunn for val av løysingar i arealplanar og søknad om tiltak.
- For område avsett til sentrumsformål, kjøpesenter, forretning, tenesteyting og næring skal det dokumenterast tilfredsstillende forhold for varelevering og transport.
- Det skal leggast til rette for god intern gang- og sykkeltransport.
- Tilkomstveg til bygning skal vere planlagt med omsyn til samfunnstryggleik og sivilt beredskap, og i samsvar med krav sett i teknisk forskrift.
- Rammeplan for avkjørsle gjeld.

Retningslinje:

- Statens vegvesens vegnormalar og kommunen sin veg-norm bør leggjast til grunn for dimensjonering og val av løysingar i arealplanar og søknad om tiltak.

2.6 Rekkefølgjekrav (pbl § 11-9 nr. 4)

- I område avsett til bygg og anlegg jf. pbl § 11-7 nr 1 kan det ikkje gjevast løyve til tiltak før infrastruktur er sikra etablert og det er dokumentert at moment som er avdekka i ROS-analyse er teke omsyn til.
- Ved tiltak i sjø, skal det uansett gjerast undersøkingar kring mogleg ureina grunn i samband med regulering eller byggesak.

- Kommunen skal vurdere konsekvensane av reguleringsplanar for bustader når det gjeld kapasitet på skule- og barnehage. Dersom kommunen ikkje finn akseptable løysningar kan ikkje reguleringsplanen bli godkjent.

- Før det vert gitt løyve til igangsetting må følgjande vere etablert:
  - kommunaltekniske anlegg, vassforsyning og avlaup
  - el-forsyning
  - trafikksikker tilkomst for gåande, syklande og køyrande. Når det gjeld fortetting kan, dersom ikkje noka anna tilseier det, gjeldande infrastruktur for tilkomst nyttast.

- Før det vert gitt bruksløyve etter plan- og bygningslova § 21-10 for nye bustadområde må følgjande vere etablert:
  - leikeplassar og andre felles uteområde
  - busstopp
  - fortau/gang- og sykkelvegar i samsvar med reguleringsplan og krav sett i byggjeløyve
  - fortau/gangveg langs riksveg, fylkesveg og kommunal veg fram til tilfredstillande infrastruktur for gang/sykkel

- Nye byggeområde kan ikkje takast i bruk før tilstrekkeleg sløkkjevasskapasitet er etablert.

- For tiltak som gjer vesentleg konsekvensar for riks- og fylkesvegnettet vert det stilt krav om trafikkanalyse.

- Dersom det kan dokumenterast at intensjonane i rekkefølgjekrava blir oppfylt på andre måtar enn det som er beskreve her, kan kommunen vurdere å godkjenne planar og tiltak med utgangspunkt i denne dokumentasjonen, utan at det må søkast om dispensasjon frå krav sett i kommunedelplanen.

Retninglinje:

- Kommunen kan sikre gjennomføring av bestemte tiltak gjennom utbyggingsavtalar.

2.7 Byggjegrenser mot sjø og vassdrag (pbl § 11-9 nr. 5)

- Tiltak etter pbl § 1-6 1. ledd, med unntak av fasadeendringar, kan ikkje gjerast nærare sjø enn følgjande avstand frå strandlinja, målt i horisontalplanet ved alminneleg høgvass-stand, jf. pbl §§ 1-8, 2. og 3. ledd og 11-11 nr. 5:

  - Bustadområde, B 15 meter

- Bustadområde Stranda, B8, B9, B10 3 meter
- Sentrumsformål, K 3 meter
- Næring, N 3 meter
- Andre bygg og anlegg, AB 3 meter
- Hamn, H 0 meter
- Kollektivknutepunkt, IN 0 meter
- Andre arealformål 100 meter

- I B8, B9 og B10 kan tiltak etter pbl § 1-6 1. ledd tillatast nærare sjø enn byggjegrensa fastsett over dersom minst 3 meter offentleg tilgjengeleg areal/passasje er ivaretatt på bakkeplan.

- Nødvendige bygningar, mindre anlegg og opplag innanfor 100-metersbeltet langs sjøen kan tillatast med tanke på landbruk, fiske, akvakultur, fangst og ferdsel til sjøs, jf. Pbl § 11-11 nr. 4.

- Tiltak etter pbl § 1-6 1. ledd, med unntak av fasadeendringar, kan ikkje gjerast nærare strandlinja i Store- og Litlevatnet enn 30 meter, jf. pbl §§ 1-8 og 11-11 nr. 4.

- Med mindre anna følgjer av andre føresegner, er det ikkje tillat å plassere tiltak nærare sjø eller vassdrag enn byggjegrensene fastsett over. Forbodet gjeld ikkje ved frådeling av bygd del av eigedom. Ved frådeling av ubygd eigedom skal ikkje eigedomsgrensa liggje nærare enn byggjegrensa.

2.8 Universell utforming (pbl § 11-9 nr. 5)

- Universell utforming (UU) skal ivaretakast i all planlegging og utbygging i samsvar med krav sett i plan- og bygningslova med forskrifter, i lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne (diskriminerings – og tilgjengelighetsloven) og Flora kommune sin kommunedelplan for universell utforming.

- Område og bygg med publikumsretta formål (servering, overnatting, allmennyttige formål) skal ha universell utforming av publikumsretta bruksareal.

- Offentlege uterom (gater, plassar, allmenningar og parkar) skal ha universell utforming med vekt på tilgjenge for alle.

- Det skal dokumenterast korleis krav til UU vert oppfylt i all planlegging og søknad om tiltak, opparbeiding av bygg og anlegg, inkludert tilkomst og uteområde.

- I indre sone skal 15% av bustadene i nye bustadprosjekt være universelt utforma.

*Indre sone er: B13, B8, B9 og B10. K1, K08, K09, K10, K11, K12, K18, K24, K25, K26, K27, K28, K29, K35, K36, K37, K39, K40, K41, K42 og K43.

Retningslinje:

- Der det er moglege konfliktar mellom universell utforming og verneverdiar, kulturmiljø og historisk bymiljø må det gjerast ein vurdering i kvart einskild tilfelle.

2.9 Omsyn til barn og unge sine interesser (pbl §§ 1-1, 11-9 nr. 5 og nr. 8)

- Rikspolitiske retningsliner for barn og planlegging skal leggast til grunn for all planlegging og søknad om tiltak. Ved bygging av nye bustadar både i nye og eksisterande bustadområde skal barn og unge sine oppvekstvilkår takast særskild omsyn til, jf. plan- og bygningslova § 1-1.
- Det skal takast spesielt omsyn til snarvegar, gang- og sykkelvegar og gode og varierte aktivitetsområde. Ved eventuell omdisponering av areal som er viktige for barn og unge sine aktivitetar skal det sikrast erstatningsareal med minst tilsvarande tilgang, storleik og kvalitetar, i samsvar med rikspolitiske retningsliner.
- Areal til bruk for barn og unge skal utformast med god funksjonalitet og areala skal planleggast slik at areala til leik vert prioriterte.
- Der det ligg føre barnetråkk-registeringar skal desse takast omsyn til i utarbeiding av reguleringsplan.
- Områderegulering for bustadområde skal enten vise leikeplassar som arealføremål i plankartet eller ha planføresegn etter § 12-7 nr. 11 med krav om detaljregulering. Detaljregulering skal vise leikeplass som arealføremål i plankartet. Det må gå fram av planføresegner etter § 12-7 nr. 14 om ein leikeplass skal vere offentleg eller felles for fleire eigedomar.

2.10 Krav til leikeareal/felles uteopphaldsareal (pbl § 11-9 nr. 5)

I bustadområde skal det setjast av felles leikeareal og uteopphaldsareal som vist i tabellen under ved utarbeiding av reguleringsplanar og ved søknad om tiltak. Delar av arealet kan etter utbyggingsavtale eller privatrettsleg avtale, der kvalitetar vert tilført, leggjast til nærliggjande park, natur- og friluftsområde, men skal ikkje overstige følgjande avstandskrav: småbarnsleik maks 100m, nærleikeplass 300m, større leikeområde maks 500m frå hovudinngang.

MINIMUMSKRAV TIL..	GRUNNLAG PR.	INDRE SONE*	YTRE SONE
..samla uterom	100 m^2 BRA til bustadføremål.	30 m^2	50 m^2
.. del av samla uterom som skal setjast av til felles bruk når prosjektet er større enn 400 m^2 BRA til	100 m^2 BRA til bustadføremål.	15 m^2	25 m^2

bustadføremål og omfattar minst 4 bustader			

*Indre sone er: B13, B8, B9 og B10. K1, K2, K08, K09, K10, K11, K12, K13, K24, K25, K26, K27, K28, K29, K35, K36, K37, K39, K40, K41, K42 og K43.

Krav til areal for felles leik:

- Kommunen kan godkjenne at det i staden for opparbeiding av leikeareal/felles uteopphaldsareal på eigen grunn kan inngåast utbyggingsavtale for å nytte nærliggande grøntareal til formålet jf. avstandskrav over. Slik avtale må tinglysast.
- Areal for felles leik skal vere sentralt plassert i høve til flest mogleg bustadar og i høve til grøntdrag i nærleiken.
- Tilkomstvegar mellom bustader og leikeplassar skal vere trafikksikre og universelt utforma i samsvar med teknisk forskrift kap 8 (TEK 17).
- Leikeareala skal vere eigna for leik og opphald heile året og for ulike aldersgrupper, og vere universelt utforma i samsvar med teknisk forskrift kap 8 (TEK 17).
- Areala skal ha solrik plassering og vere skjerma mot sjenerande vind, ureining, støy, sterke elektromagnetiske felt, trafikkfare og anna helsefare.
- Støyområde (areal med ekvivalent støynivå over 55 dB(A), areal sett av til køyreveg, parkering og fareområde kan ikkje reknast som leikeareal.
- Areal avsett til leik skal som hovudregel ikkje vere brattare enn 1:3 og smalare enn 10 meter. Brattare eller smalare areal må ha særskilde kvalitetar, til dømes vere eigna til akebakke.

Retningslinje:

- Det er mogleg, dersom det kan dokumenterast at det kan gje gode uteomhusareal å vurdere avstandskriteria i særskilt avtale.
- Leikeareal på tak kjem evt. i tillegg til desse krava og kan ikkje erstatte leikeareal på grunn.

2.11 Parkering (pbl § 11-9 nr. 5)

- Parkeringsdekning og –løysing skal dokumenterast ved all planlegging og alle søknader om løyve til tiltak etter pbl § 20-1 bokstav a, b, d, e, g, j og l. Alle omsøkte tiltak skal ha parkeringsdekning i samsvar med krava i tabellen under.
- Minst 5 % av biloppstillingsplassane skal vere utforma i tråd med krav til utforming av biloppstillingsplassar for forflytningshemma i TEK 17.
- Det er krav til opparbeiding av parkering på eigen tomt ved nye byggjearbeid og ved

ombygging/bruksendring og påbygging. Det er mogleg å kjøpe og tinglyse rettar til parkering i offentlege parkeringssanlegg maks 500 meter frå bygg.

- For nye leilighets- og næringsbygg skal parkering som hovedregel lokaliserast i kjeller/under terreng og ikkje på gateplan. Det kan gjerast unntak for HC- parkering som skal plasserast tett på hovedinngang. I tilfeller der det er skrånande terreng med stor høgdeskilnad frå eine sida av bygget til andre sida, så skal konkret løysing vurderast i kvart enkelt tilfelle. For endring, påbygg og hovedombygging av eksisterande bygg, så kan eksisterande parkering på gateplan behaldast, men det skal ikkje etablerast fleire slike.

- Sykkelparkering skal leggjast nær inngang til publikumsbygg jf. krav til sykkelparkering under.

- I samband med samlokalisering av administrasjon i Bankhola skal det opparbeidast ei offentleg/felles parkeringsordning i underetasjane.

- Krav til parkeringsplassar er eit minimum pr. eining (bustader) eller pr. begynt BRA på tomta.

Type verksemd	**Eining**	**Tal p.plassar**		**Tal sykkel-plassar**
A.		**Bustad**		
		Sentrum	Utanfor sentrum	I heile plan-området
Einebustad Rekkehus Leilighet Hyblar Omsorgsbustadar	Pr. bustad	1 0.5 0.25 0 0.2	1 1 1 0 0.5	3 3 3 1 1
B.		**Næringsverksemd***		
Forretning	Pr. 100 m^2 BRA	0.5	0.5	3
Kjøpesenter	Pr. 100 m^2 BRA	0.2	0	3
Kontor	Pr. 100 m^2 BRA	0.5	0.5	3
Industri og verkstad	Pr. 100 m^2 BRA	0.5	0.5	0.5
Lager	Pr. 100 m^2 BRA	0	0.5	0.5
Hotell og restaurant	Pr. 100 m^2 BRA	0.2	0.5	0.5
C.		**Anna verksemd**		
Kultur (kino, forsamlingslokale, kyrkje)	Pr. 100 m^2 BRA	0.2	0.2	3
Småbåthamn	Pr. båtplass	0.2	0.3	0.5
Undervisning (skule, barnehage)	Pr. 100 m^2 BRA	0.2	0.2	3

Idrettsanlegg	Pr. 100 m^2 BRA	0.1	0.1	5
*Dersom utbyggarar av næringseigedom får godkjent å nytta felles parkeringsordning, vert parkeringskravet redusert med 25%.				
Sentrum er: N2, N3 og N4. B13, B8, B9 og B10. K1, K08, K09, K10, K11, K12, K13, K24, K25, K26, K27, K28, K29, K35, K36, K37, K39, K40, K41, K42 og K43.				

Felles parkeringsordning – frikjøpsordning

- Kommunen kan godkjenne at det i staden for opparbeiding av parkeringsplassar på eigen grunn eller fellesareal, vert innbetalt eit beløp pr. manglande plass til kommunen for bygging av felles parkeringsanlegg i medhald av PBL § 28-7. Satsen for frikjøp av parkeringsplassar vert fastlagt i samband med årsbudsjettet. Prisen justerast i samband med årleg fastsetting av kommunale avgiftar og gebyr. Innbetalt beløp kan berre nyttast til opparbeiding av offentlege parkeringsanlegg.

2.12 Klima (pbl § 11-9 nr. 6)

- Ved planlegging av nye byggjeområde og i søknad om tiltak skal det dokumenterast korleis omsyn til klimatiske tilhøve som sol, vind og kaldras er ivaretatt.
- Omsyn til ekstemvær skal ivaretakast ved prosjektering av bygg og uteopphaldsareal.
- Planlegging og tiltak skal utførast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av havnivåstigning og høg vasstand, jf. TEK17. Sjå punkt 7.2.
- Tiltak skal utførast i varige og mest mogleg miljøvennlege materiale, tilpassa funksjon og omgjevnadene.
- Overvann skal fordrøyast lokalt innanfor byggjeområdet. I plan- og byggesaker skal ulike tiltak for å begrense/forsinke avrenning av overvann vurderast, til dømes permeable flatar, grøne tak, grøne vegger, regnbed og vannspeil.

2.13 Estetikk, byforming og arkitektur (pbl § 11-9 nr. 6 og 7)

- Innanfor område B13, B14, K1, K08, K09, K10, K11, K12, K18, K24, K25, K26, K27, K28, K29, K35, K36, K37, K39, K40, K41, K42 og K43 skal eksisterande by- og gatestruktur og siktlinjene til sjø bevarast.
- Det skal planleggjast for ein heilskapleg arkitektur innafor kvart byggjeområde og prinsippet om god arkitektur skal følgjast og dokumenterast i alle plan- og byggjesaker.
- Tiltak skal ha arkitektoniske kvalitetar. Bygningar og anlegg skal vere utforma i samspel med omgjevnadene i karakter og form, og ta omsyn til Florø sin særeigne bystruktur. Bygningar skal ha ei heilskapleg form og volumoppbygging og fremje gode uterom.
- Tiltak etter anna lovverk skal vurderast ut frå same kriteria som andre plan og byggjesaker.
- Nye tiltak skal dokumentere og grunngje forholdet mellom tiltaket (byggverk og uterom) og eksisterande tomte- og byggjestruktur. Tiltak skal dokumenterast med fasadeoppriss i høve omgjevnadene og omkringliggande bygg og anlegg. Det skal det utarbeidast ei estetisk grunngjeving for valde løysingar. Det skal gjerast greie for plassering av tiltaket i forhold til tilstøytande busetnad, gateløp, terreng og siktlinjer. Grunngjevinga skal supplerast med illustrasjonar som visuelt viser tilpassing til eksisterande bygningsmiljø, gate/veg, uterom, siktlinjer og terreng.

Retningslinje:
- Sjå arkitektur- og byromsveilederen (vedlegg) for utfyllande informasjon.

2.14 Kunst i offentleg rom (pbl § 11-9 nr. 6)

- Blå promenade, Torggata, Strandgata og byparken skal vere prioriterte område for kunst i offentleg rom. Ved val og plassering av fast kunst i det offentlege rom skal det settast ned eit kunstutval for utveljing av kunstverk/kunstnar og plassering av verket.
- Kunstutvalet sin tilråding skal vere rådgjevande for den kommunale sakshandsaminga.

Retningslinjer:
- Offentleg rom blir rekna som uterom som er opne for alle og er prega av frivillig opphald.
- Kunst blir rekna som faste eller temporære prosjekt eller installasjonar som stimulerer til ei særleg oppleving.

2.15 Natur, landskap og grøntstruktur (pbl § 11-9 nr. 6)

- All planlegging og tiltak skal skje med omsyn til og dokumentasjon av landskaps-, natur- og friluftsinteresser.
- Biologisk mangfald skal takast vare på med grunnlag i prinsippa i Naturmangfaldslova.

Der kunnskap om biologisk mangfald ikkje er tilfredstillande, gjeld føre var-prinsippet. Kommunen kan krevje at tiltakshavar gjennomfører undersøkingar for å forbetre kunnskapsgrunnlaget for vurdering av plan og tiltak.

- Planlegging og tiltak skal underordne seg viktige landskapstrekk. Bygge- og anleggstiltak skal ikkje bryte åsprofilar, landskapssilhuettar og horisontlinjer. Større offentlege byggverk eller anlegg med særskilt betyding for fellesskapet kan bryte med eksisterande karaktertrekk i landskapet. Forholdet mellom tiltaket og omkringliggande landskap skal dokumenterast og grunngjevast.

- Naturgjevne og kulturskapte element som fungerer som blikkfang i landskapet (landemerke) skal bevarast og styrkast. Frå sjøen skal det bakenforliggande bylandskapet være synlig og lesbart.

- Bygge- og anleggstiltak som vert eksponert i landskapet skal plasserast og utformast slik at dei tek i vare heilskapen i natur- og kulturlandskapet. Dette gjeld særskilt ved tiltak som ligg ved og vert eksponert mot sjø.

- Det skal planleggjast og leggjast til rette for ein samanhengande grøntstruktur.

- Ved planlegging og utføring skal det leggjast vekt på terrengtilpassing, slik at ein i størst mogleg grad unngår flatplanering og skjeringar. I skrått terreng skal bygning der det er hensiktsmessig ha underetasje eller avtrappast over fleire plan for best mogleg terrengtilpassing.

- Ved søknad om løyve til tiltak skal det utarbeidast utomhusplan som dokumenterer god terrengtilpassing, terrengendringar og murar. Terrenghandsaming skal dokumenterast med snitt som viser råka terreng før og etter tiltaket.

- Jord frå lokalitetar med svartelista planter skal handsamast får å unngå ytterligare spreiing.

2.16 Støy (pbl § 11-9 nr. 6)

- "Retningslinjer for behandling av støy i arealplanleggingen, T-1442" skal leggjast til grunn i all arealplanlegging og ved planlegging av ny verksemd eller busetnad. Verksemder skal lokaliserast slik at dei ivaretek grenseverdiane for støy i T-1442. Støysituasjonen og eventuelle tiltak skal dokumenterast i samband med regulering og søknad om tiltak.

- Ved planlegging av ny støyande verksemd, utviding av slik verksemd eller nye støyømfintlege bruksformål nær støykjelder, vert det stilt krav om dokumentasjon av støysituasjonen og eventuelle tiltak for å sikre at grenseverdiane for støy i T-1442 vert følgt. Kommunen kan påleggje tiltakshavar å utarbeide støysonekart.

2.17 Renovasjon (pbl § 11-9 nr. 6)

- Ved utbygging av nye område skal det settast av tilstrekkeleg og eigna område for

renovasjon, som oppfyller krav i gjeldande vedtekter/forskrift for renovasjon i Flora kommune.

- Detaljreguleringsplan eller situasjonsplan skal vise oppsamling- og hentestad for renovasjon, sjå § 13 i vedtektene for Flora kommune.

Retningslinje:

- Innanfor sentrumsføremåla kan det, i samarbeid med kommunen, i samband med reguleringsplan eller byggesak finnast fram til løysningar for renovasjon som er tilpasse den aktuelle tomta/byggjeprosjekt, sjølv om det ikkje er i trå med gjeldande forskrift for renovasjon.

2.18 Bevaring av eksisterande bygningar og kulturmiljø (pbl § 11-9 nr.7)

For omsynssone H570_1, H570_2, H570_3, H570_4, H570_5, H570_6, H570_7, H570_8 og H570_9:

- Innanfor område avmerka med områdeavgrensing på "illustrasjonskart omsynssone for vern av kulturmiljø, bygningar, bygningsmiljø og krigsminne" skal eksisterande by- og gatestruktur bevarast.
- For bygningar og kulturmiljø som inngår i reguleringsplan gjeld reguleringsplanens føresegn foran sentrumsplanen.
- Alle nybygg og tilbygg skal innordnast verneverdige miljøobjekt og særskilt verneverdig bygningsmiljø på "illustrasjonskart omsynssone for vern av kulturmiljø, bygningar, bygningsmiljø og krigsminne", med omsyn til etablert utbyggingsstruktur (kvartalsstruktur), plassering på tomt, tilpassa byggehøgder og proporsjonar.
- Ved nybygg og tilbygg skal det leggast vekt på kvalitet og at historisk, arkitektonisk eller annan kulturell verdi som knytter seg til eit byggverks ytre, har ein opplevingsverdi.
- Innan omsynssonene kan det opnast for ny arkitektur som tilpassar seg det eksisterande miljøet. Nye bygningar og tilbygg på ubebygde tomtar eller som erstatning for rivne bygg i omsynssonane, skal tilpassast eksisterande bygningsmiljø med omsyn til bystruktur, plassering på tomt, byggehøgd og proposjonar.
- Nybygg og tilbygg innan omsynsonane på "illustrasjonskart for omsynssone for vern av kulturmiljø, bygningar, bygningsmiljø og krigsminne" skal legge vekt på å ivareta uterom med god brukskvalitet.
- Tiltak som berører bygg eller næraste omgjevnader til objekta i kategorien særskilt verneverdig bebyggelse eller verneverdige miljøobjekt skal utformast med omsyn til bygningane si hovudform og fasadeuttrykk.
- Ved utvendig rehabilitering av bygningar eldre enn frå 1900 skal kommunen gjevast høve til å uttale seg før rehabiliteringsarbeid vert sett i verk.

- Ved nødvendig fornying kan bygningselement tilpassast opphavleg byggestil og materialbruk.

- Om ikkje bygg i kategorien særskilt verneverdig bebyggelse blir vedlikeheldt kan Flora kommune sette i verk tiltak ovanfor grunneigar(e).

- Tiltak som bryt med føresegnene i NB!-området, skal sendast regional kulturminnemynde til uttale.

Spesielt for dei ulike delområda innanfor området:

H570_4 NB!-området:
- Delområdet er av nasjonal interesse da det har bevart mykje av si opphavlege karakter, autensitet og bystruktur frå 1860. Rutenettmønsteret, gatene og "kamstrukturen" mellom Strandgata og sjøen er viktige og skal vidareførast.

- Opplevelsesverdiane som er knytt til det historiske bymiljøet og gateløpene i NB!-området, skal vektleggast, ivaretakast og vidareførast ved nye tiltak.

- Heilheita i miljøet og integriteten til dei gamle husa skal vidareførast ved nye tiltak.
- Fasadane mot gatene skal ivaretakast eller vidareførast ved nye tiltak.

- Nye bygningar og tilbygg på ubebygde tomtar eller som erstatning for rivne bygg i omsynssona, skal tilpassast eksisterande bygningsmiljø med omsyn til bystruktur, plassering på tomt, byggehøgd og proporsjonar.

- Ved nødvendig fornying skal bygningselementer tilpassast husets opprinnelege byggestil og materialbruk.

H570_5 Haffen, Torget, Hellesenbua og Stensethbua:
- Heilheita i miljøet og integriteten til dei gamle husa skal vektleggast, ivaretakast og vidareførast ved nye tiltak.

H570_6 Hans Blomgate:
- Heilheita i miljøet og integriteten til dei gamle husa skal vektleggast, ivaretakast og vidareførast ved nye tiltak.

Retningslinjer:

- I heilskaplege, homogene områder bør kontrasterande uttrykk som ikkje vidarefører kulturmiljøets kvalitetar unngås.

2.19 Konsekvensutgreiing og ROS-analyse (pbl § 11-9 nr. 8)

- Krav som er opplista i konsekvensvurdering av nye arealformål i kommunedeplanen og i ROS –analysen skal avklarast nærare i reguleringsplan, ev. byggesak, jf. §11-9, nr. 8.

- For Stranda felt B8, B9 og B10 skal det i felles områderegulering gjennomførast konsekvensutgreiing og ROS-analyse, utover det som er gjort i kommunedelplanen, for følgjande tema; mikroklima, geofysiske høve i sjø, ureina grunn og biologisk mangfald i sjø.

- ROS-analyse skal utarbeidast etter gjeldande akseptkriterier for ROS-analyser vedtekne av kommunestyret.

3 Bygg og anlegg (pbl § 11-7 nr.1)

3.1 Bustader (pbl § 11-7 nr. 1)

3.1.1 Generelt

- Føremålet gjeld byggjeområde sett av til heilårsbustader med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og fellesareal.

- I eksisterande byggjeområde for bustad kan fortetting på enkelte tomter skje på gitte vilkår knytt til kvart einskilt område, om krav til utnyttingsgrad, parkeringsdekning og uteopphald vert oppfylt.

- I eksisterande bustadområder, der ikkje reguleringsplan seier noko anna, vert det gjeve høve til å byggja garasje kor verken samla bruksareal (BRA) eller bygd areal (BYA) overstig 50 kvm. Garasjen kan førast opp i inntil ein etasje og kan i tillegg være underbygd med kjellar når terrengtilhøva tilseier det. Krav til utnyttingsgrad og uteopphaldsareal gjeld før høvet til å byggje garasje.

3.1.2 Rekkjefølgjekrav (pbl § 11-9 nr. 5, 6 og 8)

- Kommunal veg med tilkomst for gåande, sykkel og bil frå Fugleskjærgata skal vere opparbeid før det blir gitt løyve til tiltak innanfor B8, B9 og B10.
- Sti frå Kvalvågen i B3 og B4 skal vere opparbeid før bruksløyve vert gitt for B7.
- Sentrum, B16: Tilkomst som er universelt utforma og som av kommunen blir vurdert til å vere god nok med omsyn til trafikktryggleik, for gåande mot SMS, samfunnshuset og Strandgata/Amfi skal vere på plass før bruksløyve kan bli gitt.

3.1.3 Stranda og områda vest for Fugleskjærgata

I område B8, B9 og B10 gjeld følgjande:

- Reguleringsplan skal innehalde tiltak for klimatisk skjerming mot sjøen; mot nord, nordvest og vest.
- Innanfor kvart enkelt delområde skal det vere variasjon i storleik på bustadane.
- Det skal leggjast til rette for småbåthamn/hamner.
- Maks byggjehøgde er 4 etasjar.
- Reguleringsplan skal vise korleis området skal vere med tanke på tidsriktige miljøløysningar med omsyn til tekniske krav til bygningar, energiløysningar, utomhus, bilbruk og grøntstruktur. Det skal vere ein høg standard for dette.
- Det skal leggjast opp til felles parkeringsløysningar.
- Det skal leggjast til rette for offentleg tilgjengeleg strandpromenade som del av samanhengande turveg "Blå promenade".
- Det er tillate med anna verksemd, som handverk, barnehage og kulturell/sosial aktivitet i maks 20% av BRA i kvart område. Kva område, og kor i området skal visast i reguleringsplan. Det er tillate med mindre butikkar (maks 150 kvm pr. butikk). Det er ikkje tillate med storhandel.

- Det skal framførast nytt vatn- og avløpsanlegg til området ved nye tiltak. Nye bygg kan ikkje takast i bruk før slikt anlegg er ferdigstilt.

Spesielt for dei ulike delområda:

B1
- Kvar eigedom kan ha ein maks % BRA på inntil 40%.
- Maks etasjetal er kjeller og to etasjar.
- Det er ikkje tillate med meir enn fire bueingar i kvar bygning.
- Nye tiltak skal tilpassast eksisterande bygningar når det gjeld høgde og volum.
- Nye tiltak skal spesielt tilpassast omgjevnadane når det gjeld utsikts- og soltilhøve.

B2
- Område kan ha ein maks % BRA på inntil 50 %.
- Området kan byggjast ut med einebustader med maks etasjetal kjeller og to etasjar.
- Før byggjesøknad kan godkjennast skal det vere laga ein situasjonsplan som viser korleis turveg frå Nordnesvegen til Håvågen i grøntområde T1 langs sjøen skal plasserast.
- Før ferdigattest for B2 kan bli gitt skal det vere inngått og tinglyst avtalar om turveg, og turvegen skal vere ferdig opparbeid.

B3
- Kvar eigedom kan ha maks % BYA på inntil 40 %.
- Maks etasjetal er kjellar og to etasjar.
- Nye tiltak skal tilpassast eksisterande bygningar når det gjeld landskap, høgde og volum.
- Nye tiltak skal spesielt tilpassast omgjevnadane når det gjeld utsikts- og soltilhøve. Dette skal dokumenterast med situasjonsplan for tomta, kor også vegetasjon skal vere med.
- Kommunen kan krevje utarbeidd sol/skuggeanalyse i samband med søknad om tiltak.

B4
- Området kan ha ein maks % BYA på inntil 30 %.
- Maks etasjetal er kjellar og to etasjar.
- Nye tiltak skal spesielt tilpassast omgjevnadane når det gjeld utsikts- og soltilhøve. Dette skal dokumenterast med situasjonsplan for tomta, kor også vegetasjon skal vere med.
- Grøntstruktur/sti frå Kvalvågen til Havrenesvegen i område T2 skal vere ei grøn akse.

B5
- Området kan ha ein maks % BRA på inntil 120 %.
- Området kan byggjast ut med rekkehus eller lågblokk med maks 5 etasjar.
- Bygningar og anlegg skal tilpassast terrenget og ikkje bryte silhuettar. Krav til terrengtilpasning overstyrer maks tal etasjar og maks BRA.
- Gang/sykkelveg til grøntområdet F2 i sør, og til OP1 ungdomsskulen og idrettsanlegget skal inngå i området.
- Området ligg inntil del av Storåsen som er brattare ca. 30 grader og er innafor omsynssone for ras- og skredfare. Det skal visast korleis området skal sikrast mot ras.

B6
- Kvar eigedom kan ha ein maks % BRA på inntil 40 %.
- Maks etasjetal er kjeller og to etasjar.
- Nye tiltak skal tilpassast eksisterande bygningar når det gjeld høgde og volum.
- Nye tiltak skal spesielt tilpassast omgjevnadane når det gjeld utsikts- og soltilhøve.
- Kommunen kan krevje utarbeidd sol/skuggeanalyse i samband med søknad om tiltak.

B7
- Område kan ha ein maks % BRA på inntil 50 %.
- Bygg skal utformast som rekkehus eller einebustad.
- Maks etasjetal er kjeller og to etasjar.
- Det skal lagast ein situasjonsplan som vise bruken av heile området før byggjesøknad kan godkjennast. Grøntstruktur/sti i frå Kvalvågen til Havrenesvegen i område T2 skal vere ein del av situasjonsplanen.

B8
- Området kan ha ein maks % BRA på inntil 80 %.
- Det skal vere ein bebyggelse som er tilpassa bygg og omgjevnadar i vest og mot ny bebyggelse i aust og nord.
- Det kan vere hamn og tilknyting til sjøen i området.
- Det kan vere sjørelatert næringsverksemd i området.
- Det skal vere felles parkeringsanlegg.
- Maks etasjetal er 2.
- Nye tiltak skal etablerast med sikring mot stormflo.

B9
- Området kan ha ein maks % BRA på inntil 80 %.
- Det skal vere blokkbebyggelse.
- Det skal vere felles parkeringsanlegg.
- Det kan vere hamn og tilknyting til sjøen i området.
- Det kan vere sjørelatert næringsverksemd i området.
- Maks etasjetal er 4.
- Dersom det gjennom reguleringsplanen kan dokumenterast at høgare bygg vil gje betre arkitektonisk utforming og betre utsikt og soltilhøve for omgjevnadane, kan det vurderast å tillate enkeltbygg i området som er høgare enn fire etasjar.
- I den delen av området som ligg rett nord og vest for B8 skal byggehøgder trappast ned.
- Nye tiltak skal etablerast med sikring mot stormflo.

B10
- Område kan ha ein maks % BRA på inntil 80 %.
- Det skal vere variasjon i storleik og form.
- Det skal vere felles parkeringsanlegg.
- B10 skal ha tilgang til sjø og eigna kai.
- Nye tiltak skal etablerast med sikring mot stormflo.

B11
- Området kan ha ein maks % BRA på inntil 65 %.
- Bygningsmiljø skal utformast som rekkehus.
- Maks etasjetal er kjellar og tre etasjer.
- Reguleringsplanen skal vise korleis ein skal få til kvalitativt gode uteareal.
- Trafikk og parkeringsareal skal utformast slik at store delar av området blir bilfritt. Parkering skal ikkje vere på terrengnivå.
- Det skal vere variasjon i bustadstorleiken og livsfasetilrettelegging.
- Reguleringsplan skal fastsette tal på bustader.

B12:
- Kvar eigedom kan ha maks % BYA på inntil 40 %.
- Maks etasjetal er kjellar og to etasjar.
- Nye tiltak skal tilpassast eksisterande bygningar når det gjeld landskap, høgde og volum.
- Nye tiltak skal spesielt tilpassast omgjevnadane når det gjeld utsikts- og soltilhøve. Dette skal dokumenterast med situasjonsplan for tomta, kor også vegetasjon skal vere med.
- Kommunen kan krevje utarbeidd sol/skuggeanalyse i samband med søknad om tiltak.

Retningslinjer:
- B8, B9 og B10 er eit byutviklingsområde der sjøfront, kvalitet og moderne arkitektur er i fokus. Dette skal gjerast på ein slik måte at Florø sin identitet som kystby ikkje blir øydelagt. Stranda bør ikkje stå fram som eit lager og industriområde, men ha stor del bustad, lettare næringsverksemd, rekreasjon og kaier/hamn.

- B8, B9 og B10 kan brytast opp i mindre einingar og prinsipp vist i rapporten "Byutvikling Stranda" Asplan viak datert november 2011. Rapporten skal og nyttast som grunnlag i utforminga av reguleringsplan, detaljplanar og tiltak innanfor heile området.

- Reguleringsplan kan finne løysingar for korleis den eksisterande slippen kan takast vare på eller flyttast innanfor område B9.

- I B3 bør området sitt særpreg, med frittliggande einebustader og store hagar blir teke vare på. Dette representerer ein viktig grøntstruktur og kvalitetar for barn og unge.

- B11 bør utformast spesielt med tanke på barnefamiliar. Det bør søkjast særleg etter løysingar som appellerer til unge i etablerarfasen. Det bør opnast for nye og alternative løysingar for redusert bilbruk til og internt i området.

- Alle rettar knytt til strandeigedommar i området skal i all planlegging bli omsynstatt, men det kan vere at lokalisering og utforming av desse blir endra gjennom vidare planlegging, avtalar, utfylling og øvrig tilrettelegging i området.

3.1.4 Hans Blomgate og kvartale nord for Michael Sarsgate.

B13
- Kvar eigedom kan ha ein maks % BYA på inntil 60%.
- Maks etasjehøgde er to etasjar.
- Nye tiltak skal tilpassast eksisterande bygningar når det gjeld høgde og volum.
- Nye tiltak skal spesielt tilpassast omgjevnadane når det gjeld soltilhøve.
- Det er tillate å lage hybel over garasje.
- Gjennom reguleringsplan er det mogleg å vurdere utnyttingsgraden ut i frå BRA av planområdet. Med dokumentasjon av sol, utsiktstilhøve og tilpassning til omgjevnadane kan det vere mogleg, for delar av bygget som er tilbaketrekte frå Jens Helmersgate, å tillate bygg som er høgare enn hovedregelen for området.

3.1.5 Sør for Michael Sarsgate og området mellom skulen og sjukehuset

B14 og B16
- Kvar eigedom kan ha ein maks % BYA på inntil 25%.
- Maks etasjehøgde er to etasjar.
- Nye tiltak skal tilpassast eksisterande bygningar når det gjeld landskap, høgde og volum.
- Nye tiltak skal spesielt tilpassast omgjevnadane når det gjeld soltilhøve.
- Det er tillate å lage hybel over garasje.
- Det er ikkje tillate med nye bueiningar utover hyblar i områda.

Retningslinjer:
- Dette er eit etablert bustadområde i byen og det er viktig å ta vare på området sitt særpreg. Søknader om tiltak i området skal vurderast i høve til eksisterande bystruktur og strøkets karakter.

3.1.6 Sør for Lillevatnet

B15
- Kvar eigedom kan ha ein maks % BYA på inntil 60%.
- Maks etasjehøgde er to etasjar.
- Nye tiltak skal tilpassast eksisterande bygningar når det gjeld høgde og volum.
- Det er tillate å lage hybel over garasje.
- Nye tiltak skal spesielt tilpassast omgjevnadane når det gjeld utsikt og soltilhøve. Kommunen vil krevje sol/skugge analyse som del av søknad om løyve til tiltak.

3.1.7 Hesteneset

B17:
- Kvar eigedom kan ha ein maks % BYA på inntil 40 %.
- Maks byggjehøgde er tre etasjar.
- Nye tiltak skal tilpassast eksisterande bygningar når det gjeld landskap, høgde og volum.
- Nye tiltak skal spesielt tilpassast omgjevnadane når det gjeld soltilhøve.
- Det er tillate å lage hybel over garasje.

Retningslinjer:

- Dette er eit godt etablert bustadområde tett innpå sentrum av Florø. Det er viktig at området sitt særpreg består, samstundes som det blir opna for fortetting.

- Det er viktig å ta vare på veg- og grøntstrukturen i området.

3.1.8 Tua

B18

- Kvar eigedom kan ha ein maks % BYA på inntil 50 %.
- Maks etasjehøgde er tre etasjar.

B19

- Kvar eigedom kan ha ein maks % BYA på inntil 35 %.
- Maks byggjehøgde er to etasjar.
- Eksisterande tomtestruktur skal bevarast.
- Nye tiltak skal tilpassast eksisterande bygningar når det gjeld landskap, høgde og volum.
- Nye tiltak skal spesielt tilpassast omgjevnadane når det gjeld soltilhøve. Kommunen vil krevje sol/skugge analyse som del av søknad om løyve til tiltak.
- Det er tillate å lage hybel over garasje.
- Tilkomsvegar skal utbetrast før det kan fortettast innfor området.

B20

- Innafor området kan det oppførast bygg med maks BRA inntil 800 m^2.
- Maks byggjehøgde er tre etasjar over kote + 10.0.
- Gesimshøgd skal ikkje overstige kote + 20.5.
- Nye tiltak skal tilpassast eksisterande bygningar når det gjeld landskap, høgde og volum.
- Nye tiltak skal spesielt tilpassast omgjevnadane når det gjeld soltilhøve. Kommunen vil krevje sol/skugge analyse som del av søknad om løyve til tiltak.

B21

- Kvar eigedom kan ha ein maks % BYA på inntil 35 %.
- Maks byggehøgde er to etasjar.
- Nye tiltak skal tilpassast eksisterande bygningar når det gjeld landskap, høgde og volum.
- Nye tiltak skal spesielt tilpassast omgjevnadane når det gjeld soltilhøve.

Retningslinjer:

- Dette er eit godt etablert bustadområde tett innpå sentrum av Florø. Det er viktig at området sitt særpreg og struktur består, samstundes som det blir opna for fortetting.

- Det er viktig å ta vare på veg- og grøntstrukturen i området. Særlig blir det viktig at sikre god nok felles grøntstruktur om private hagar blir tettare utnytta/bygd på enn i dag, og sikre barn og unge sine interesser.

3.2 Sentrumsføremål (pbl § 11-7 nr. 1)

3.2.1 Generelt

K1 – K41

- Føremålet gjeld byggjeområde sett av til sentrumsføremål med tilhøyrande sentrumsfunksjonar som bustad, infrastruktur, forretning, kontor, offentleg tenesteyting og kulturtilbod. Kombinasjonsbygg for kontor/forretning/bustad er tillate. Det er ikkje tillate med arealkrevjande næring.
- Kvartalsstrukturen og siktlinjer til sjø og fjell skal bestå.
- I søknad om tiltak/plan skal søkjaren dokumentere dei bymessige arkitektoniske konsekvensane av prosjektet, med referanse til kommunedelplanens føresegner, retningslinjer og bakgrunnsmateriale.
- Nye tiltak skal etablerast med sikring mot stormflo og havnivåstigning.

Spesielt for dei ulike delområda:

K08, K09, K42 og K43

- Desse kvartala er unnateke frå kravet om publikumsfunksjonar i første etasje.

K25

- Innanfor heile arealet avsett til føremål "framtidig sentrumsføremål" skal det kunne oppførast ny bygningsmasse. '
- Nybygg innanfor føremål-, areal- og høgderammer i denne planen og strukturkrava i gjeldande reguleringsplan (20060137) skal tillatast utan at plankrava i 2.1 vert gjort gjeldande.
- Der dei godkjende høgde- og volumkrava i reguleringsplanen (20060137) overstig krava i denne planen, skal krava i reguleringsplanen gjelde.
- Det skal etablerast parkering (bil og sykkel) i nybygg.

3.2.2 Strandgata

Nordsida av kvartal 08, 12, 25, 28 og 36 - sørsida av kvartal 09, 10, 11, 27, 28, 37 og 41

- Maksimal byggehøgde på sørsida av gata er 4 etasjar eller 14.5 m gesimshøgde mot gata. Mot nord er den maksimale byggehøgda i 3 etasjar, eller 11.0 m til gesimshøgda målt frå gata. Ny bebyggelse skal så langt råd er ha gesimshøgde tilpassa nabobygningane. Det er aktuelt å vurdere høgare bygg, bakanfor gesimsen dersom dette er dokumentert ikkje vil gje vesentleg negative verknader for utsikt og soltilhøve for omgjevnadane på gateplan.
- Bygningar skal følgje byggeline mot gata. Unntak frå dette er innregulerte smau og opningar på maksimalt 3m bredde for innkøyring til eigedomane.
- Bygningane skal utformast med publikumsfunksjonar vendt mot gata i første etasje.
- Struktur og skala mot gata skal takast vare på. Det er mogleg å opne bakanfor fasaden for større samanhengande flater i bygg.

Retningslinje:

- Det er viktig å bygge oppunder Strandgata som ei gate med aktivitet, opplevningar, levende lokalar, handel og publikumsfunksjonar.

3.2.3 Markegata

Nordsida av kvartal 13, 24, 29 og 35 mot gata - sørsida av kvartal 08,12, 25, 28 og 36

- Maksimal byggehøgde på sørsida av gata er 4 etasjar eller 14.5 m gesimshøgde mot gata. Mot nord er den maksimale byggehøgda i 4 etasjar, eller 14.5 m til gesimshøgda målt frå gata. Ny bebyggelse skal så langt råd er ha gesimshøgde tilpassa nabobygningane. Det er aktuelt å vurdere høgare bygg, bakanfor gesimsen dersom dette er dokumentert ikkje vil gje vesentleg negative verknader for utsikt og soltilhøve for omgjevnadane.
- Nye tiltak skal tilpassast eksisterande bygningar når det gjeld landskap, høgde, volum og verneverdig kulturmiljø i Hans Blomgate.
- Nye tiltak skal spesielt tilpassast omgjevnadane når det gjeld soltilhøve. Kommunen vil krevje sol/skugge analyse som del av søknad om løyve til tiltak.
- Bygningane skal utformast med publikumsfunksjonar/næringsverksemd vendt mot gata i første etasje på nordsida av gata, det er ikkje krav om dette på sørsida av gata.
- Bygningar og tiltak skal tilpassast Markegata som er hovudtrafikkåre gjennom byen, og tiltak skal innordne seg krav og lov som ivaretek dette.

3.2.4 Hamneområdet

Nordsida av kvartal 09, 10, 11, 26, 27 og 37

- Framtidig utnytting av hamneområda mot sjøen og nordsida av kvartal 09 skal ta omsyn til det etablerte bebyggelsemønsteret og verneverdige enkelte bygningar i områda.
- Den maksimale byggehøgda i området er 4 etasjer, eller 14 meter til gesimshøgda målt frå kaiplanet/gateplanet. Det er aktuelt å vurdere høgare bygg, bakanfor gesimsen dersom dette er dokumentert ikkje vil gje vesentleg negative verknader for utsikt og soltilhøve for omgjevnadane.

3.2.5 Busstasjonen

K2

- Området kan ha ein BRA på inntil 150%.
- Området kan byggjast ut med blokker inntil 5 etasjar målt frå nordsida av kvartalet.
- Nye tiltak skal tilpassast eksisterande bygningar når det gjeld landskap, høgde og volum.
- Det vert stilt krav om reguleringsplan før gjennomføring av tiltak.

3.2.6 Hestenesgata

K42 og K43

- Maksimal byggehøgde i området er 4 etasjar eller 15m gesimshøgde målt frå gateplanet.
- Nye tiltak skal tilpassast eksisterande bygningar når det gjeld landskap, høgde og volum.
- Nye tiltak skal spesielt tilpassast omgjevnadane når det gjeld soltilhøve.
- Krav om detaljregulering.
- Desse kvartala er unnateke frå kravet om publikumsfunksjonar i første etasje.

3.3 Offentleg eller privat tenesteyting (pbl § 11-7 nr. 1)

3.3.1 Generelt

- Føremålet gjeld område sett av til privat eller offentleg tenesteyting med tilhøyrande vegar og anlegg. Byggjeområde merka i plankartet skal vere til offentlege føremål, jf. plan- og bygningslova § 11-10 nr 3.

3.3.2 Flora ungdomskule og idrettsanlegget

OP1
- Området er sett av til skule, idrett og friluftsliv/rekreasjon/oppleving.
- Det skal ikkje gjerast tiltak i område som vil endre området sin karakter vesentleg når det gjeld bruk.
- Utvikling som høyrer inn under føremålet, herunder påbygg av eksisterande bygg og anlegg, er tillate.
- Det skal leggjast til rette for universelt utforma gang- og sykkelveg gjennom området som sikrar godt tilrettelagt tilkomst frå parkeringsplass til grøntområda i Lilleåsen og Storåsen og kring Lillevatnet.
- Lysmaster på og rundt Florø stadion kan ha ei høgd på inntil 40 meter målt frå banenivå.

OP2
- Området er sett av til idrett, friluftsliv/rekreasjon/oppleving.
- Det skal utarbeidast detaljregulering før tiltak kan gjerast.
- Ved regulering og søknad om tiltak vert det kravd fjerning av ureigna grunn frå den gamle skytebana.
- Tiltak skal realisere tursti på sørsida av Lillevatnet og tilpassast landskapet på ein god måte.
- Det skal leggjast til rette for universelt utforma gang- og sykkelveg gjennom området som sikrar godt tilrettelagt tilkomst frå parkeringsplass til grøntområda i Lilleåsen og Storåsen og kring Lillevatnet.

Området ligg inntil del av Storåsen som er innafor omsynssone for ras- og skredfare. Det skal visast korleis området skal sikrast mot ras.

Retningslinjer:
- Området er ein del av grøntstrukturen i byen, og ferdselsårane gjennom og til området bør utformast på ein slik måte at dei oppmodar til bruk og held høg standard når det gjeld universell utforming.

3.3.3 Kyrkja og kyrkjebakken

OP3
- Området skal ha ein parkmessig opparbeiding og nyttast til kyrkje og park. Endringar skal vere med på å styrkje eller forsterke føremålet.
- Det kan opparbeidast fortau langs Michael Sars gate dersom det kan dokumenterast at dette ikkje får negative verknader for området som heilskap.
- Gangveg gjennom kyrkjeparken til Michael Sars gate og gangveg gjennom kyrkjeparken

til Rv5 Markegata skal oppretthaldast.

OP4
- Området er avsett til kyrkjelydshus, parkering og park.
- Den delen av området som blir omtala som «Framplassen», dvs vest for stien som deler området, kan det som ein del av reguleringsplanen leggjast til rette for parkeringhus og kyrkjelydshus. Høgda på eit slikt hus kan maks vere ein etasje over grunnplanet til kyrkja.
- Gangveg gjennom kyrkjeparken til Rv5 Markegata skal oppretthaldast.
- Området er omfatta av omsynssone kulturmiljø og skal ha ein parkmessig opparbeiding med høg standard.
- Ved regulering og søknad om tiltak vert det kravd dokumentasjon av konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø, by- og grøntstruktur, siktliner, veg- og avkøyrsle.

Retningslinje:
- Området må sjåast i heilskap og tiltak i området må samordnast. Det må leggast stor vekt på den estetiske utforminga og nærleiken til kyrkja.

3.3.4 Eldresentret

OP5
- Området skal nyttast til offentlege føremål.
- Område kan ha ein BRA på inntil 80%. Bygningar i området kan ha maksimalt 2 etasjar.
- Området skal byggjast ut med blokkbebyggelse og knytte seg til kvartalsstrukturen.

3.3.5 Florø omsorgssenter

OP6
- Området skal nyttast til omsorgstenester.
- Område kan ha ein % BRA på inntil 80 %. Bygningar i området kan ha maksimalt 2 etasjar.
- Ved utbygging skal ein ta omsyn til kringliggande bygningsstruktur og natur.
- Trafikk og parkeringsareal skal utformast slik at store delar av området blir bilfritt. Nye parkeringsareal skal ikkje vere på terrengnivå.
- Parkering og trafikk til omsorgssentret skal skje via Kinnvegen.

OP7
- Området skal nyttast til omsorgstenester.
- Område kan ha ein % BRA på inntil 175 %. Bygningar i området kan ha maksimalt 4 etasjar.
- Ved utbygging skal ein ta omsyn til kringliggande bygningsstruktur og natur.
- Trafikk og parkeringsareal skal utformast slik at store delar av området blir bilfritt. Nye parkeringsareal skal ikkje vere på terrengnivå.
- Parkering og trafikk til omsorgssentret skal skje via Kinnvegen.
- Overvatn skal styrast mot Storevatnet.

Retningslinje:

- Det skal takast omsyn til grøn infrastruktur i området slik at området fungerer som eit godt inngangsparti for turstiar i Lilleåsen og kring Lillevatnet.

3.3.6 Florø barneskole, SMS, Samfunnshuset, Sjukehuset, Docen og Neppjarhaugen bhg.

- Området er avsett til offentleg område for helse, omsorg, skule, kultur og park.
- Alle tiltak/planar i dette område skal byggje opp under eit heilskapleg preg når det gjelder infrastruktur, offentleg tilbod, parkering og estetikk.
- Det skal vere ferdselsårar for gåande og syklande langs etablerte aksar i området. Desse skal sikrast på best mogleg måte i høve til trafikktryggleik.
- Tiltak i området skal vere med på å revitalisere byparken som møteplass. Formålsgrensene mot grøntstruktur skal liggje fast.

Spesielt for dei ulike delområda innanfor området:

OP8
- Området skal kunne nyttast til samfunnshus, anna offentleg teneste, kultur og møtestad.
- Området kan ha ein % BRA på inntil 120 %. Bygningar i området kan ha maksimalt 4 etasjar målt frå Markegata.
- Samfunnshuset skal vere utforma slik at det vender seg mot og fungerer som fondmotiv og endepunkt/start for Strandgata.
- Trafikk og parkeringsareal skal utformast slik at store delar av området blir bilfritt.
- Parkering skal vere i tilknytta parkeringsanlegg på området eller rett ved.

OP9
- Området skal nyttast til utviding av Florø barneskole sitt uteområde. Området har svært gode naturkvalitetar og skal ha naturpreg også etter at det er blitt ein del av skuleområdet. Det skal opprettast vegetasjonsskjem mot B16 Prestegarden i vest.

OP10
- Området skal nyttast til Florø barneskule.

OP11
- Området skal nyttast til legesenter.

OP12
- Området skal nyttast til bustader, omsorgsbustader og barnehage og kan ha ein % BRA på inntil 120 %.
- Bygningar i området kan ha maksimalt 4 etasjar vest og nord i området og maks 2 etasjar aust i området mot eksisterande privathus.
- Ved utbygging skal ein ta omsyn til kringliggande bygningsstruktur og natur.
- Parkering skal vere i tilknytta parkeringsanlegg på området eller rett ved.

Retningslinjer:
- Områda bør ha eit heilskapleg preg som byggjer opp under dei offentlege formåla i nærleiken og samlar tenestene i byen.

- Områda er sentrale i den grøne infrastrukturen i byen. Det skal leggjast til rette for ferdselsårar langs dei sentrale aksane. Det skal vere stort fokus på gode høve for gåande og syklande og store og mindre møteplassar.

- Det er eit mål å revitalisere parken som møteplass og hjerte i det offentlege tenesteområdet. Dei offentlege byggjeområda må sjåast i samanheng med parken, trafikk, grøntstruktur, sykkelruter og dei ulike verksemdene som ligg kring parken.

- OP8: Brannstasjonen kan bestå inntil den får ny lokalisering.

3.4 Næringsbygg (pbl § 11-7 nr. 1)

3.4.1 Generelt

- Føremålet gjeld område sett av til næringsverksemd med tilhøyrande tekniske anlegg, vegar, parkering og anna fellesareal.
- Føremålet omfattar ikkje forretnings- og handelsverksemd.
- Det er krav om reguleringsplan i det området ny brannstasjon endeleg skal lokaliserast.

3.4.2 Stranda

N1, N2 og N3

- Området skal nyttast til næringsføremål.
- Det skal ikkje vere tyngre industri og lager.
- Det skal vere ein maks BRA på 100%
- Det skal vere maks tre etasjar.
- Nye bygningar og anlegg skal tilpasse seg nyare bygningar innanfor N3 når det gjeld arkitektur, skala og volum.
- Nye tiltak skal etablerast med sikring mot stormflo.

Spesielt for dei ulike delområda innanfor området:

N1

- Området skal utformast slik at det er med på å lage ein buffer mellom hamna og bustadområde i sør og vest.
- Sikringssone tankanlegg.

3.4.3 Slakteriet

N4

- Dersom eksisterande verksemd blir avvikla eller flytta skal området nyttast til sentrumsføremål.
- Ved avvikling av dagens verksemd skal område utformast på ein slik måte at det tilfører byen kvalitetar. Det skal vere fokus på sjøfront til allmenn bruk og tidsriktig arkitektur.
- Området skal nyttast til næringsføremål så lengje eksisterande verksemd ynskjer å vere der.

- Nye tiltak skal etablerast med sikring mot stormflo.

3.4.4 Hesteneset

N5 og N6
- Området skal nyttast til næringsføremål, ny brannstasjon kan lokaliserast her.
- Maks høgde skal ikkje vere høgare enn bakkenivå på Fjordgata (kote 13,5).
- Maks BRA er 80%.
- I samband med byggjesøknad kan det komme krav om tilleggsutgreiingar etter Plan- og bygningslova og anna lovverk, innanfor aktuelle tema.
- Det skal settast av areal til drivstoffylling/lager. Ved etablering av slik verksemd, skal det gjerast ei kartlegging av risiko, jf pbl §4-3.
- Nye tiltak skal etablerast med sikring mot stormflo.

Retningslinjer:
- I dette området skal det vere kai med bakenforliggande næringsareal. Dette gjer ein kaifront på over 420 meter og eit næringsareal på over 20 mål. Det er utarbeidd ein skisseplan for området. Denne er utarbeidd i samarbeid mellom kommunen og Flora Hamn.

- Vegtilkomst vil vere forbi Hestenesgata og ned til området ved SFE.

- Den austlege delen av området bør nyttast til fiskeriføremål.

- Heile kaifronten bør vere offentleg og styrt av Flora Hamn.

- Næringsarealet bør nyttast til næringsføremål som har trong for kaitilgang og servicenæringar til båtar/maritim verksemd.

3.4.5 Evja og verftsområde

N7, N8, N9, N10, N11 og N12
- I dette området skal arealkrevande næringsverksemd vere prioritert. Verksemd som på søknadstidspunktet eller på lang sikt, kan vere til hinder eller komme i konflikt med dette vert ikkje tillat.
- Det vert ikkje opna for arealintensiv næringsverksemd.

Spesielt for dei ulike delområda innanfor området:

N7
- Området skal primært nyttast til næringsføremål. Gjennom reguleringsplan kan ein tilete blanda føremål. Fyrste etasje skal uansett ha næringsføremål.
- Maks byggjehøgde er 8 etasjar. Innanfor en BYA på 500 kvm.
- Maks BRA er 150%

N10

- Dette området skal nyttast til industri.
- I nærleiken, men ikkje sør for eksisterande verftshall kan det settast opp bygg som er like høge som verftshallen. Elles i området er maks byggehøgd 5 etasjar.
- Det er ikkje tillat med bustad innafor området. Anlegg for tidsavgrensa hyblar kan vurderast tillat etter søknad.
- Det vert ikkje stilt krav om reguleringsplan for tiltak innanfor området så lenge ein ikkje legg opp til å endre føremålet. Ved søknad om tiltak skal konsekvensar av eventuell nyskapt trafikk dokumenterast. Det vert stilt rekkjefølgjekrav om tilstrekkeleg kapasitet knytt til trafikkavvikling i kryss med RV5 og internvegar, samt trafikktryggleik .
- Kommunen kan etter særskilt vurdering, t.d. miljøomsyn, vesentleg verkand for omgjevnadane, uansett krevje reguleringsplan for tiltak innanfor området.
- Nye tiltak skal etablerast med sikring mot stormflo.

N11
- Området skal nyttast til næringsføremål, ny brannstasjon kan lokaliserast her.
- Maks byggjehøgde er 3 etasjar.
- Det vert ikkje stilt krav om maks BRA innanfor området.
- Før søknad tiltak etter plan og byggningslova vert handsama skal det utarbeidast ein situasjonsplan som vise utnyttinga av eigedommen og korleis den held seg til naboeigedommar når det gjeld infrastruktur, bygningsmasse med meir.
- Det er ikkje tillat med bustad innafor området. Anlegg for tidsavgrensa hyblar kan vurderast tillat etter søknad.
- Nye tiltak skal etablerast med sikring mot stormflo.

N12
- Dette området skal nyttast til industri, ny brannstasjon kan lokaliserast her.
- Det er tillat med maks fire etasjar.
- Det er ikkje tillat med bustad innafor området. Ved søknad om plan eller tiltak skal tilkomst til eksisterande båthamn sikrast.
- Nye tiltak skal etablerast med sikring mot stormflo.

Retningslinjer:
- Dette er eit område som ligg til innfarten av byen. Det er litt blanda føremål i dette området i dag. På sikt er det viktig å ”rydde” litt i dette slik at ein unngår konfliktar mellom ulike føremål. Vegen utgjer eit naturleg skilje mellom nord og sør.

- Heile området skal ha preg av næringsverksemd. Langs RV5 er det i dag opna for blanda føremål, dvs bustad og næring. For framtid skal dette avgrensast. Det er heller ikkje ynskjeleg med ei vidareutvikling av detaljhandelen i dette området. Men heller å leggje til rette for arealkrevande verksemder som til dømes bilforretningar og trelast.

- I utkast til plan er heile området nord for RV5 og aust for Hjellegata sett av til industri. Adkomst er via Hjellegata. Det er viktig å sikre dette området til industri. Dette inneberer at det ikkje blir lagt til rette for anna verksemd for tett innpå området.

- Langs RV5, på nordsida vil det være mogeleg med anna type næring, t.d. bilforretningar, kontor, og liknande. Dette gjeld felt N11. For felt KB2 er det allereie etablert detaljhandel og bustad. Det er ikkje ynskeleg å utvide området for denne type verksemd.

- Dersom søkjar kan dokumentere at det ikkje vil vere til hinder får næringsverksemd er det innanfor område sett av til næring i dette området, opna for at det kan etablerst midlartidige hybelhus.

- Område N7 bør utviklast, slik at arealutnyttinga blir vesentlig betre. Ved omlegging av RV5 og etablering av nye tiltak her bør det leggjast stor vekt på å finne fram til gode utenomhusareal og at ein knytte seg til sentrum og planlagt grøntstruktur i nærliggande område.

3.5 Andre typar bygningar og anlegg (pbl § 11-7 nr. 1)

AB1
- Området kan nyttast til næring og naust.
- Det skal ikkje vere tyngre industri og lager/arealkrevjande næring.
- Det kan vere ein maks BRA på 60%
- Det kan vere maks to etasjar.

AB2
- Området kan nyttast til næring, bustad og tenesteyting.
- Det skal ikkje vere tyngre industri og lager/arealkrevjande næring.
- Det kan vere ein maks BRA på 80%.
- Det kan vere maks tre etasjar sør i område.
- Nye bygningar og anlegg skal tilpasse seg eksisterande skala og volum i nærleiken.
- Det er ikkje tillete med aktivitet som vil generere meir trafikk over land til området. Aktivitet som genererer meir trafikk frå sjø er tillete.
- Tilkomsveg skal utbetrast før det kan fortettast innfor området.

AB3
- Området kan nyttast til næring, bustad og tenesteyting.
- Det skal ikkje vere tyngre industri og lager/arealkrevjande næring.
- Det kan vere ein maks BRA på 60%
- Det kan vere maks tre etasjar sør i område, nord i området kan det vere maks 2 etasjar.
- Nye bygningar og anlegg skal tilpasse seg eksisterande skala og volum i nærleiken.
- Det er ikkje tillete med aktivitet som vil generere meir trafikk over land til området. Aktivitet som genererer meir trafikk frå sjø er tillete.
- Tilkomsveg skal utbetrast før det kan fortettast innfor området.

AB4
- Området kan nyttast til hamn, næring, kontor, bustad, kultur og tenesteyting, ny brannstasjon kan lokaliserast her.
- Det skal ikkje vere tyngre industri og lager/arealkrevjande næring.
- Det kan fyllast i sjø for å etablere nye kaiar. Det er ikkje krav om regulering for etablering av nye kaiar. I samband med byggjesøknad kan kommunen stille krav om

tilleggsutgreiingar etter Plan- og bygningslova og anna lovverk, innanfor aktuelle tema (geoteknikk, forureining, marint biologisk mangfald og maritime kulturminne).
- Siktlinja frå Samfunnshuset og nord gjennom Hestenesgata skal bestå og ikkje på nokon måte byggast igjen.
- Nye tiltak skal etablerast med sikring mot stormflo.
- Tiltak som vil medføre høg grad av risiko for øydelegging/skade av oppvekst og beiteområde og gyteområde for kysttorsk/torsk og lokal sildestamme skal utgreiast før det vert gitt løyve til igangsetting.

AB5
- Området kan nyttast til næring, kontor og tenesteyting.
- Dersom eksisterande verksemd blir avvikla eller flytta skal området nyttast til sentrumsføremål.
- Ved avvikling av dagens verksemd skal området ryddast for ureina grunn og farleg avfall og utformast på ein slik måte at det tilfører byen kvalitetar.

3.6 Kombinert byggje- og anleggsformål (pbl § 11-7 nr. 1)

KB1
- Området kan nyttast til bustad , omsorg, offentlege føremål, idrettshall til barneskulen og kan ha ein BRA på inntil 120%.
- Bygningar i området kan ha maksimalt 4 etasjar. Eksisterande byggjehøgda mot Hans Blom gata kan ikkje aukast.
- Det skal etablerast gang/sykkelveg gjennom området frå krysset Kinnvegen/Michael Sarsgate og i rett austleg linje til Florø barneskole.

KB2
- Området skal nyttast i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Dette gjeld både utnyttingsgrad og byggevolum.
- Det skal ikkje vere meir detaljhandel og bustader i området enn det som allereie er etablert pr. februar 2012.

Retningslinjer:
- Langs RV5 bør det først og fremst vere næringsverksemd, t.d bilforretningar, grossistar, trelast, kontor, og liknande. For felt KB2 inneberer det at allereie etablert detaljhandel og bustad kan bestå, men at det ikkje kan påreknast å utvide denne type verksem/føremål i området. Dette for å gjennomføre sentrumsplanen si målsetting om at detaljhandel skal knytast til sentrumsområda. Det er også viktig for å unngå framtidige konfliktar mellom næringsverksemd og auka bustadmasse.

4 Samferdselanlegg og teknisk infrastruktur (pbl§ 11-7nr. 2)

4.1 Veg (pbl § 11-7 nr. 2)

- Føremålet gjeld område sett av til veg. Føremålet omfattar ikkje parkeringsareal.
- Byggjegrense frå senterlinje veg der ikkje anna går fram av reguleringsplan:
  - Kommunale vegar 15 meter
- For riks- og fylkesvegar skal avvik frå avstandskrava i Veglova for byggegrense frå riksvegen (Rv5) og fylkesvegane i planområdet der denne ikkje er fastlagt i reguleringsplan, fastleggast i ny reguleringsplan eller omsøkast som dispensasjon med høyring til Statens Vegvesen. Byggegrensa skal vurderast i høve til utbyggingsstruktur (kvartalsstruktur) og strøkkarakteren i utbyggingsområdet. Trafikktryggleik og god trafikkavvikling skal vektleggast.
- Innanfor planområdet skal det etablerast samanhengande gang- og sykkelvegnett til skule. Nye fortau og gang/sykkelvegar skal etablerast med minst 3 meter bredde + 50 cm vegskulder og sideareal på kvar side av veg/fortau.
- Det skal etablerast trygge kryssingspunkt for gåande og syklistar der gang- og sykkelvegar må krysse køyreveg.
- Trafikk skal sjåast i samanheng med grøntstruktur og gang- og sykkelvegnettet.

Spesielt for dei ulike delområda innanfor området:

o_V3
- Ny/oppgradert trasé for RV5 skal gå gjennom Markegata i heile si lengde.
- Det skal utarbeidas detaljregulering før tiltak kan gjerast.

Retningslinje:
- Et langsiktig mål er at alle kan sykle/gå trygt til og frå skule og arbeid innanfor heile planområdet.
- Vurderingar og framlegg til løysningar i rapporten "Veg og trafikk", datert 10.6.2011. bør leggast til grunn for konkrete tiltak.

4.2 Hamn (pbl § 11-7 nr. 2)

- Føremålet gjeld område sett av til hamn og skal primært nyttast til offentlege hamneføremål.
- Sjøfronten og kaianlegg bør hevast i takt med auka havnivå.

Spesielt for dei ulike delområda innanfor området:

H1 Fugleskjærskaia
- Området skal nyttast til stykkgodshandtering og passasjertrafikk. Kaifront og nødvendig bakanforliggande område skal sikrast etter gjeldande regelverk. Hamnerelatert bygningsmasse kan tillatast.
- Containertrafikken skal fjernast frå Fugleskjærskaia innan planperioden er over.

H2 Hesteneset
- Det kan fyllast i sjø for å etablere nye kaiar. Det er ikkje krav om regulering for etablering av nye kaiar. I samband med byggjesøknad kan kommunen stille krav om tilleggsutgreiingar etter Plan- og bygningslova og anna lovverk, innanfor aktuelle tema (geoteknikk, forureining og maritime kulturminne).

H3 Westconområdet
- Det kan fyllast i sjø for å etablere nye kaiar. Det er ikkje krav om regulering for etablering av nye kaiar. I samband med byggjesøknad kan kommunen stille krav om tilleggsutgreiingar etter Plan- og bygningslova og anna lovverk, innanfor aktuelle tema (geoteknikk, forureining og maritime kulturminne).
- Hamnerelatert bygningsmasse kan tillatast.

Retningslinjer:
- Det må takast omsyn til farleier, tilflott og tilgang til hamner og kaier ved lokalisering av tiltak i nærleiken av hamneområda.

4.3 Kollektivknutepunkt (pbl § 11-7 nr. 2)

IN1 Fugleskjærskaia
- Området skal nyttast til kollektivknutepunkt. Innanfor området kan oppførast lagerbygg og terminalbygg for passasjerhandtering, kontor- og driftsfunksjonar som del av knutepunktet. All publikumsretta aktivitet skal vere på bakkeplan. Det kan byggjast inntil 5 etasjar.
- Reguleringsplan og søknad om tiltak skal omfatte samla plan som syner heilskapen i knutepunktet med bygg, trafikkareal og trafikkavvikling, båt-, bil- og bussoppstilling, og gangareal.
- Terminalen skal vere tidsmessig og serve alle operatørar som nyttar området, slik at det står fram som heilskapleg overfor publikum.
- Det skal lagast løysingar for god og fleksibel avvikling av passasjertrafikken.
- Siktlinja frå Fugleskjærgata til sjø og Årebrot skal ikkje byggast igjen.

Retningslinjer:
- Det bør vere mogeleg å gå under tak til og frå båtar/buss/taxi.

4.4 Parkering (pbl § 11-7 nr. 2)

Føremålet gjeld område sett av til parkering. Det kan leggjast til rette for parkeringsplassar under bakkenivå/parkeringsanlegg på følgjande stader i planområdet: K2, K09, K24, K25, K42, K43, B13, Pa2 og RV5.

4.5 Turveg "Blå promenade"

- Samanhengande turveg langs sjøområda frå Hesteneset til Nordneset er vist med trase som eksisterande og framtidig turveg.

- Strekninga frå Hesteneset til Stranda skal opparbeidast i tråd med prinsippa om universell utforming. Frå Stranda og vestover er det ikkje krav om universell utforming.

- Plan og tiltak for område eller eigedom omfatta av trase for turvegen skal inkludere planlegging og opparbeiding av "Blå promenade". Standard skal avtalast nærare med kommunen.

Retningslinje:

- Plan for tiltak i samband med Blå promenade skal utarbeidast med grunnlag i rapporten *"GRØN RUTE OG BLÅ PROMENADE, Grunnlag for utvikling av strandpromenade og turvegar kring Litle- og Storevatnet. Sentrumsplanen, Kommunedelplan for Florø sentrum".*

4.6 Kombinerte føremål (pbl § 11-7 nr. 2)

KT 1 og KT2 Haffen/Amtskaia

- Området skal ha blanda føremål og funksjon som kai, bytorg og ungdomshus. Området er omfatta av omsynssone kulturmiljø H570_5.

KT3 Torggata

- Området skal ha blanda føremål og funksjon som bytorg.
- Eksisterande funksjon, arealbruk og utforming skal endrast.
- Parkeringsplassane på austsida av gata skal fjernast når byromsskapande tiltak blir bygd.
- Det skal etablerast teknisk infrastruktur som legg til rette for gjennomføring av arrangement. Til dømes strømuttak, vannkilde, monteringspunkt på grunn og i vegg.
- Torggata skal sikras som byens allmenning og siktlinja frå Haffen til Storevatnet skal ikkje byggast igjen.

Retningslinje:

- Tiltak og tilrettelegging for auka bruk av Torggata bør prioritere aktivitet i gata. Til dømes opplevningar og gode urbane kvalitetar som bondens marked, julemarked, konsertar, forestillingar og lignande.

- Torggata kan stengast for trafikk ved ulike arrangement i kortare og lengre periodar.

- På sikt kan Torggata stengast heilt for trafikk. Men det bør først legges godt til rette for aktivitet og opplevningar på forhånd.

5 Grøntstruktur (pbl § 11-7 nr.3)

5.1 Grøntstruktur

- Areal avsett til grøntstruktur skal vere vegetasjonsprega, tilrettelagt for allmenn bruk og offentleg tilgjengelege.
- Det kan ikkje gjerast tiltak som inneber arealbruksendringar utan at dette inngår i reguleringsplan for området.
- Tiltak som vert gjennomført med formålet å leggje til rette for allmenn bruk, tilkomst til, opphald og ferdsel i friområda kan gjennomførast etter nærare plan og med løyve frå kommunen. Innhald og detaljeringsgrad for plan skal avtalast nærare med kommunen.
- Det skal gjerast vurderingar knytt til rasfare før tilretteleggingstiltak, skogsavvikling og skjøtselstiltak i område som er brattare enn naturleg rasvinkel i Storåsen kan gjennomførast.
- Det skal gjerast vurderingar i høve til naturmangfaldslova og dei miljørettslege prisnippa i alle saker som rører ved grøntstruktren. Dersom det er mangelfull dokumentasjon i høve til dette, skal det gjennomførast nødvendig faktainnhenting før tiltak kan vurderast og evt godkjennast.

5.2 Naturområde (pbl § 11-7 nr.3)

o_Na1 og o_Na2, Lille- og Storevatnet

- I grøntstruktur med hovudformål naturområde kan det ikkje gjerast tiltak som grip inn i eller endrar eksisterande terreng og vegetasjon. Kantvegetasjon langs vatnet skal bevarast.
- Enkel tilrettelegging i samsvar med føremålet kan tillatast. Dette inkluderer mindre bygg.

Retningslinje:

- Mindre tiltak for å gje tilkomst til strandlinje og vatn i enkeltpunkt, som badebryggje eller annan konstruksjon over terreng og vatn, kan gjennomførast etter løyve frå kommunen dersom omsynet til terreng, vegetasjon og fugleliv er ivaretatt.

5.3 Turdrag (pbl § 11-7 nr.3)

o_T1, o_T2 og o_T3

- I areal avsett til turdrag skal det leggjast til rette for offentleg tilgjengeleg turveg eller sti for allmenn bruk.
- Det kan ikkje gjerast tiltak som inneber arealbruksendringar utan at dette inngår i reguleringsplan for området.
- For T3 er det krav om regulering i felles plan med bustadområde B10. Området skal opparbeidast med turveg/snarveg mellom Havrenesvegen og Stranda.
- I T1 og T2 skal det opparbeidast turveg som inngår som del av samanhengande turveg/strandpromenade frå Sentrum til Nordnes. Heimel: pbl § 11-10 nr. 1, 2 og 3.

5.4 Friområde (pbl § 11-7 nr.3)

o_F1 "Friheten"

- F1 er felles for eigedomane gnr. 27, bnr. 313 og 49.

- Tiltak som vert gjennomført med formålet å leggje til rette for bruk, tilkomst til, opphald og ferdsel i område kan gjennomførast etter nærare plan og med løyve frå kommunen. Innhald og detaljeringsgrad for plan skal avtalast nærare med kommunen.

o_F2 – o_F4
- Areal avsett til områda skal vere tilrettelagt for allmenn bruk og vere offentleg tilgjengelege.
- Det kan ikkje gjerast tiltak som inneber arealbruksendringar utan at dette inngår i reguleringsplan for området.
- Tiltak som vert gjennomført med formålet å leggje til rette for friluftsliv, rekreasjon, allmenn bruk, tilkomst til, opphald og/eller ferdsel i friområda kan gjennomførast etter nærare plan og med løyve frå kommunen. Innhald og detaljeringsgrad for plan skal avtalast nærare med kommunen.
- Motoriserte aktivitetar som medfører støy er ikkje tillate i friluftsområda på og ved Storevatnet og Litlevatnet. Kommunen kan ved spesielle arrangement gjere tidsavgrensa unntak frå forbodet.
- Enkel tilrettelegging i samsvar med føremålet kan tillatast. Dette inkluderer mindre bygg.

o_F3 Lilleåsen og Lillevatnet
- Samanhengande turveg kring Lillevatnet skal opparbeidast i samsvar med prinsipp om universell utforming (UU).
- Det skal gjerast vurderingar knytt til rasfare før tilretteleggingstiltak, skogsavvikling og skjøtselstiltak i område som er brattare enn naturleg rasvinkel i Store- og Lilleåsen kan gjennomførast, jf. omsynssone H310_1.

5.5 Park (pbl § 11-7 nr.3)

o_Pa1, o_Pa2 og o_Pa3
- Areal avsett til park skal vere tilrettelagt for allmenn bruk og offentleg tilgjengelege. Prinsipp om universell utforming (UU) skal leggjast til grunn. Parkareala skal ha høg kvalitet i opparbeiding, materialbruk og vedlikehald.

- Tiltak som vert gjennomført med formålet å leggje betre til rette for allmenn bruk, tilkomst til, opphald og ferdsel i parken kan gjennomførast etter nærare plan og med løyve frå kommunen. Innhald og detaljeringsgrad for plan skal avtalast nærare med kommunen. Tilrettelegging for aktivitet og opphald for barn og unge skal ha prioritet.

Retningslinje:
- o_Pa1 og o_Pa2. Det er eit mål å revitalisere Byparken som møteplass og hjerte i det offentlege tenesteområdet. Byparken skal tilretteleggast for leik, opplevningar og kulturelle arrangement. Paviljong for bevertning, utsal og kulturarrangementer kan tillatast etter nærare plan og med løyve frå kommunen.

- Plan for tiltak i grøntstruktur, naturområde, turdrag, friområde og parkområda i sentrum skal utarbeidast med grunnlag i rapporten *"GRØN RUTE OG BLÅ PROMENADE, Grunnlag for utvikling av strandpromenade og turvegar kring Litle- og Storevatnet".*

6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl § 11-7 nr.6)

6.1 Ferdsel (pbl § 11-7 nr. 6)

FE1
- Området skal haldast fritt for inngrep og installasjonar.

FE2
- Området skal haldast fritt for inngrep og installasjonar.
- Inntil det er aktuelt å flytte anlegget til lakseslakteriet kan dette anlegget liggje der det ligger i dag. Det kan ikkje utvidast.

FE3
- Området skal haldast fritt for inngrep og installasjonar.

FE4
- Området skal haldast fritt for inngrep og installasjonar.

FE5
- Brygger, flytebrygger og fortøyningar til eigedommane kan tillatast innanfor området.
- Det kan ikkje gjerast tiltak som vil øydelegge for gjeninnføring av sjøaure på F4.

6.2 Farlei (pbl § 11-7 nr. 6)

FA1
- Området skal haldast fritt for inngrep og installasjonar.
- Det vil vere tillat å lage installasjon knytt til Fugleskjærskaia med tanke på fortøyning av større fartøy.

FA2
- Området skal haldast fritt for inngrep og installasjonar.

6.3 Friluftsområde (pbl § 11-7 nr. 6)

FV1 og FV2, Lille- og Storevatnet
- Enkel tilrettelegging og installasjonar som sikrar tilgang og allmenn bruk kan tillatast.

6.4 Småbåthamn (pbl § 11-7 nr. 6)

6.4.1 Nordnes

SB1
- På innsida (aust) av moloen kan det lagast småbåthamn.
- Gjennom reguleringsplan skal det visast korleis hamna skal utformast slik at den ikkje er til hinder for fiskerihamna som er etablert på søraustsia av Nordnesmoloen.

- Gjennom reguleringsplanen kan det også vurderast å forlenge moloen mot aust.
- Hamna skal utformast slik at den skjermar området innanfor mot vind og sjø frå nord og nordvest.
- Det må påreknast å gjere konsekvensvurderingar utover det som ligg i denne planen når det gjeld geotekniske høve i sjø, miljø og kulturminne.
- Maks tal båtplassar er 50.

SB2
- Området skal planleggjast saman med område AB2 og AB3, jf. kap 3.5. Dette inneberer at småbåthamna må knytte seg til desse områda når det gjeld tilkomst frå land.
- Utforminga av hamna må ikkje hindre sjøtilkomst til SB1, AB1, B1, T1 og T2.
- Maks tal båtar for heile området er 40.

6.4.2 Sentrum

SB3
- Området skal nyttast til taxibåtar og lignande sjøtransport.
- Utforminga av hamna må ikkje hindre sjøtilkomst til IN1 og K10.

SB4
- Her kan det etablerast gjestehamn og inntil 11 faste båtplassar.
- Utforminga av hamna må ikkje hindre sjøtilkomst til kvartal K11
- Som ein del av søknad om byggeløyve for etablering av permanent kai skal det visast korleis parkeringskrava er løyst jf. kap 2.11.
- Dei faste båtplassane er dei som pr. 2011 er seld som faste plassar. Dvs. at det ikkje kan etablerast nye faste båtplassar innanfor området.

SB5
- Her kan det etablerast kai for kulturhistoriske båtar og inntil 10 faste båtplassar. Det vil vere krav om parkering knytt til dei fast båtplassane jf. Kap 2.11.
- Kaia kan også nyttast til gjestehamn.
- Utforminga av hamna må ikkje hindre sjøtilkomst til kvartal K26 og K27.

SB6
- Utforminga av hamna må ikkje hindre sjøtilkomst til KT1, KT2 og K37 og K41.
- Kaia kan også nyttast til gjestehamn.

6.4.3 Gaddevågen

SB7
- Hamna skal ha den størrelse og omfang den har pr. 2011.
- Tilkomst skal løysast over N12

7 Omsynssoner (pbl § 11-8)

7.1 Rasfare (pbl § 11-8a)

H310_1
